

Stine Raad

Kroppsideal og kroppspress

- betydinga for trivsel og deltaking i
kroppsøvingsfaget

Masteroppgåve i Idrettsvitenskap

Rettleiar: Nils Petter Aspvik

Juni 2023

Stine Raad

Kroppsideal og kroppspress

- betydinga for trivsel og deltaking i
kroppsøvingsfaget

Masteroppgåve i Idrettsvitenskap

Rettleiar: Nils Petter Aspvik

Juni 2023

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosiologi og statsvitenskap



NTNU

Kunnskap for ei bedre verd

Forord

Gjennom mine fem år på lektorutdanninga i kroppsøving og idrettsfag har eg møtt mange menneskjer i forbindelse med praksis og jobb. Eg har sett betydinga av arbeid med born og unge, og stikkord som inkludering og trivsel har stått meg nært. Dette var også motivasjonen bak dette forskingsprosjektet. Prosessen med å skrive masteroppgåve har vore lærerik og spennande, men også til tider svært frustrerande. Difor er det med stoltheit, glede og takknemlegheit, at eg no kan presentere ei ferdigstilt masteroppgåve.

I den forbindelse er det også mange som fortunar ein stor takk. Først og fremst vil eg takke min rettleiar, Nils Petter Aspvik, som har utfordra meg med kritiske spørsmål, men samstundes heia meg fram med oppmuntrande ord. Eg vil takke Marita som har vore min fantastiske kompanjong gjennom datainnsamlinga, men også gjennom studietida generelt. Vidare vil eg rette ein takk til alle skular og elevar som har sagt seg villig til å delta i undersøkinga.

Mine gode venar Thomas, Anders og Johanne, har hjelpt til med fagleg innsikt og korrekturlesing, noko eg er veldig takknemleg for. Sist, men kanskje viktigast er mor, far og min kjære sambuar Sebastian. Dykk har gitt meg plass til å vere frustrert og lei, samt oppmuntra og støtta meg gjennom heile prosessen. Takk for tolmodigkeit og støtte.

Samtidig som det er ein lettelse å endeleg vere ferdig, er det også vemodig då dette symboliserer avsluttinga på mi studenttid i Trondheim. Avslutningsvis vil eg difor takke alle medstudentar og gode venar, for ei fantastisk studietid.

Stine Raad

Trondheim, 05. juni 2023

Samandrag

Bakgrunn: Kroppsøvingsfaget er ein betydingsfull arena som skal førebyggjande mot negative kroppsatile og fremje sunne verdiar innan kropp og helse. For å oppnå fagets formål er det avgjerande at elevane trivast og deltek aktivt i undervisinga. Imidlertid er det eit paradoks at enkelte elevar mistrivast og unngår deltaking på bakgrunn av nettopp kroppsspesifikke forhold. Studiens hensikt var å undersøkje i kva grad vidaregåande elevar opplev kroppspress og internaliserte kroppsideal. Vidare vart det undersøkt om kroppsspesifikke forhold hadde betyding for elevar trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget.

Utval og metode: Utvalet bestod av 244 vidaregåandeelevar, der gutane utgjer 56.6% av respondentane. Studien baserer seg på ein tverrsnittsundersøking, der kvantitative data blei samla inn ved hjelp av eit elektronisk spørjeskjema. Innsamla data vart analysert ved deskriptiv statistikk og variansanalyse, korrelasjonsanalyse, og sti-analyse (SEM).

Hovudfunn: Resultata viste at elevane i relativt liten grad opplevde kroppspress og internaliserte utsjånadsideal. Likevel var press frå media og eit attraktivt ideal dei mest betydingsfulle faktorane. Trivsel og sosial samanlikning hadde direkte positiv effektar på deltaking i kroppsøvingsfaget. Eit muskuløst ideal og tryggleik til klassen hadde både direkte og indirekte positive effektar til deltaking, mediert av trivsel. Å vere usikker på kroppen gav indirekte og direkte negative effektar. Press frå jamaldrande hadde ein indirekte positiv effekt, medan press frå media hadde ein negativ indirekta effekt.

Konklusjon: Resultata viser at kroppsspesifikke forhold har betyding for elevanes trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget, men at desse forholda også er svært komplekse og kan variere på bakgrunn av ulike faktorar. Dette understrekar difor viktigheita av å utvikle meir kunnskap og forståing, kanskje spesielt for lærarar som er ein sentral aktør i skulen.

Abstract

Background: The subject of Physical Education (PE) is a significant domain, aimed at preventing negative body images and promoting healthy values related to body and health. Furthermore, students' well-being and active participation are decisive for the purpose of PE to be achieved. However, there exists a paradox wherein certain students experience dissatisfaction and avoid participation precisely due to specific body-related factors. The purpose of this study was to examine the extent to which high school students experience body pressure and internalized body ideals. Additionally, the study explored whether body-related factors influenced students' well-being and participation in PE.

Sample and methods: The sample consisted of 244 high school students, with males accounting for 56.6% of the respondents. The study utilized a cross-sectional design, with quantitative data collected through an electronic questionnaire. The collected data were analyzed using descriptive statistics, analysis of variance, correlation analysis, and structural equation modeling (SEM).

Results: The results indicated that students experienced relatively low levels of body pressure and internalized appearance ideals. However, media pressure and internalization of an attractive ideal were found to be the most prominent factors. Well-being and social comparison had direct positive effects on participation in PE. A muscular ideal and class camaraderie exhibited both direct and indirect positive effects on participation, mediated by well-being. Body insecurity had both direct and indirect negative effects. Peer pressure had an indirect positive effect, while media pressure had a negative indirect effect.

Conclusion: The findings indicate that body-related factors influence students' well-being and participation in physical education. However, these factors are highly complex and can vary based on numerous factors. Therefore, it emphasizes the importance of developing further knowledge and understanding, particularly for teachers who play a central role in the school setting.

Akronym

Akronym som er anvendt i oppgåva.

| | |
|-----------------|--------------------------------------------------------------------|
| KÅM | Kognitiv åtferdsmodell |
| TIM | Tripartite Influence Model |
| NSD | Norsk senter for forskningsdata AS |
| PCF | Principle Component Factoring |
| KMO | Kaiser-Meyer-Olkin |
| SATAQ-4R | Sociocultural Attitudes Towards Appearance-Questionnaire-4-Revised |
| SEM | Structural Equation Modeling |
| GOF | Overall Goodness of Fit |
| ML | Maximum Likelihood |
| DF | Friheitsgrader |
| SM | Saturated Model |
| SRMR | Standardized root mean square residual |
| RMSEA | Root Mean Square error of Aproximation |
| CFI | Comparative fit index |
| TLI | Tucker-Lewis index |
| CD | Coefficient of determination |

Oversikt over figurar og tabellar

| | |
|--------------------------------------------------------------------------------|-------|
| Figur 1: Kroppsatilete: dimensjonar, determinantar og prosessar | s. 9 |
| Figur 2: Ein skjematisk representasjon av den sosiokulturelle modellen | s. 11 |
| Figur 3: Studiens hypotesemodell | s. 23 |
| Figur 4: Studiens analysemodell med standardiserte betakoeffisientar | s. 45 |
| | |
| Tabell 1: Hypotesar tilhøyrande forskingsspørsmål Q2 | s. 25 |
| Tabell 2: Deskriptiv statistikk for studiens variablar | s. 41 |
| Tabell 3: Parvis korrelasjonsmatrise (Pearsons r) | s. 43 |
| Tabell 4: Oversikt over signifikante indirekte samanhengar, mediert av trivsel | s. 46 |

Innhald

| | |
|--------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| Forord | I |
| Samandrag..... | II |
| Abstract | III |
| Akronym | IV |
| Oversikt over figurar og tabellar..... | V |
| 1 Introduksjon..... | 1 |
| 1.1 Formål og problemstilling..... | 2 |
| 2 Ungdomsfasen | 4 |
| 3 Kroppsøvingskontekst..... | 5 |
| 4 Perspektiv på kroppsibilete | 7 |
| 4.1 Definisjon på kroppsibilete | 7 |
| 4.2 Kognitiv åtferdsmodell..... | 8 |
| 4.2.1 Historiske og proksimale faktorar | 9 |
| 4.3 Tripartite Influence Model..... | 10 |
| 4.3.1 Kroppsideal | 11 |
| 4.3.2 Kjelder til kroppspress | 12 |
| 4.3.3 Internalisering, sosial samanlikning og utvikling av kroppsskjema | 13 |
| 5 Tidlegare forsking..... | 15 |
| 5.1 Kroppsideal | 15 |
| 5.2 Kroppspress frå ulike kjelder | 16 |
| 5.3 Kroppsspesifikke forhold og detts betyding for kroppsøvingsfaget..... | 18 |
| 5.3.1 Kroppsideal og kroppspress i kroppsøvingsfaget..... | 18 |
| 5.3.2 Kroppsfokus og detts betyding for trivsel og deltaking | 19 |
| 6 Analysemodell og hypotesar | 22 |
| 7 Metode..... | 26 |
| 7.1 Forskingsstrategi og -design | 26 |
| 7.2 Datainnsamling..... | 27 |
| 7.3 Utval | 28 |
| 7.4 Måleinstrument og variablar | 28 |
| 7.4.1 Deltaking i kroppsøving | 29 |
| 7.4.2 Trivsel i kroppsøving | 30 |
| 7.4.3 Sociocultural Attitudes Towards Appearance-Questionnaire-4-Revised | 30 |

| | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| 7.4.4 Andre eksogene variablar | 32 |
| 7.5 Analyse av data | 32 |
| 7.5.1 Sti-analyse (SEM) | 33 |
| 7.5.2 Modelltilpassing | 34 |
| 7.6 Datas kvalitet – validitet, reliabilitet og generaliserbarheit | 37 |
| 8 Resultat | 40 |
| 8.1 Deskriptiv statistikk og korrelasjon mellom variablar | 40 |
| 8.1.1 Gjennomsnittsskår og kjønnsskilnadar..... | 41 |
| 8.1.2 Samanheng mellom ulike variablar | 42 |
| 8.2 Sti-analyse med direkte og indirekte samanhengar | 44 |
| 8.2.1 Faktorar med direkte samanheng med deltaking i kroppsøving | 45 |
| 8.2.2 Faktorar med indirekte samanheng med deltaking i kroppsøving | 46 |
| 9 Diskusjon | 47 |
| 9.1 Kroppspress og internaliserte utsjånadsideal hjå vidaregåande elevar | 47 |
| 9.1.1 Kroppspress | 47 |
| 9.1.2 Internaliserte utsjånadsideal | 51 |
| 9.2 Elevanes erfaring med kroppsøvingsfaget..... | 53 |
| 9.3 Indirekte og direkte effektar på deltaking i kroppsøvingsfaget | 54 |
| 9.3.1 Effekten av kroppspress på deltaking i kroppsøvingsfaget | 54 |
| 9.3.2 Effekten av kroppsideal på deltaking i kroppsøvingsfaget..... | 57 |
| 9.3.3 Effekten av sosial samanlikning på deltaking i kroppsøvingsfaget | 59 |
| 9.3.4 Effekten av usikkerheit knytt til eigen kropp på deltaking i kroppsøvingsfaget..... | 60 |
| 9.3.5 Effekten av tryggleik til klassen på deltaking i kroppsøvingsfaget..... | 61 |
| 9.4 Praktiske implikasjoner av funn for elever og lærarar i kroppsøving | 62 |
| 10 Avsluttande betraktingar | 64 |
| 10.1 Studiens konklusjonar | 64 |
| 10.2 Begrensningar hjå studien og vegen vidare..... | 65 |
| Bibliografi | 67 |
| Oversikt over vedlegg | 74 |
| Vedlegg 1: Elektronisk spørjeskjema | 75 |
| Vedlegg 2: Oversikt over respondentane i utvalet (N=244) | 85 |
| Vedlegg 3: Resultat frå statistiske testar av SATAQ-4r | 86 |
| Vedlegg 4: Postestimeringsstatistikk som viser kor godt modellen passar til dataa | 87 |

1 Introduksjon

Til tross for at fleirtalet av norsk ungdom rapporterer om generelt god fysisk og psykisk helse, har det dei siste åra vore eit auke i stressrelaterte plagar (Bakken, 2020). Spesielt bekymrande er prestasjonspresset mange elevar opplev i skulen i dag, og ein sentral diskurs i samband med dette er press på kropp og utsjånad (Bakken, 2020; Eriksen & Walseth, 2021; Skaalvik & Federici, 2015). Ei undersøking med 2000 norske ungdomar frå heile Noreg, viste at 43 % av deltakarane opplevde dagleg kroppspress, og dette presset var tett knytt saman med kroppsmisnøye (Nylander, 2018). Presset vert rapportert å kome frå omverden og andre betydningsfulle, der det vert lagt vekt på å ha dei rette kleda, den rette kroppen, og elles uoppnåelege ideal for skjønnhet og helse (Eriksen et al., 2017; Skaalvik & Federici, 2015).

Korleis ein skal motverke kroppspress og fremje sunne kroppsatile blant unge er mykje diskutert (Bjørnebekk, 2015; Meld. St. 28 (2015-2016)). Behovet for å lære unge om kritisk tenking, kunnskap og refleksjon vert påpeikt hjå fleire (Bakken et al., 2018; Bjørnebekk, 2015; Foros, 2016). Skulen generelt, og kroppsøvingsfaget spesielt, vert i denne samanheng sett på som ein betydningsfull aktør då dei famnar alle barn og unge, og på denne måten kan formidle og fremje sunne verdiar innan helse og fysisk aktivitet (Helse- og omsorgsdepartementet, 2016; Martinsen, 2016; Meld. St. 28 (2015-2016)). Kroppsøvingsfaget har potensiale til å vere ein førebyggjande arena kvar elevar kan lære om kroppsbevisstheit og utvikle aksept for kroppens naturlege variasjonar (Utdanningsdirektoratet, 2020). Dette vektleggast også i læreplanen for kroppsøving, som viser at faget skal fremje kritisk tenking om kroppsideal som kan påverke sjølvoppfatninga, helsa, trening og livsstil. Samtidig er målet at elevane skal utvikle eit positivt sjølvbilete, ein trygg identitet, samt god psykisk og fysisk helse (Utdanningsdirektoratet, 2020).

For at kroppsøvingsfagets formål skal bli realisert, er det avgjerande at elevane blir inspirert til å bevege seg og delta aktivt i undervisinga. Då er det også ein føresetnad at dei opplev trivsel og meistring, og utviklar positive assosiasjonar til faget (Bjerke et al., 2016; Dismore & Bailey, 2011). I så måte vil trivsel og aktiv deltaking kunne fremje elevanes læring og personlege utvikling. Dette inkluderer auka sjølvtillit, sjølvaksept og eit positivt forhold til eigen kropp (Kunnskapsdepartementet, 2017; Utdanningsdirektoratet, 2020). Dersom ein lukkast i å gjere kroppsøvingsfaget til ein arena som elevane trivast med og engasjerer seg i,

vil faget kunne ha eit betydeleg potensiale som ein førebyggjande arena i samband med kroppsspesifikke utfordringar.

På mange måtar er det då eit paradoks at enkelte elevar mistrivast i kroppsøvingsfaget, spesielt på bakgrunn av kroppsspesifikke forhold. Blant anna kan det kroppslege fokuset som følger med faget, opplevast problematisk og utfordrande for enkelte elever (Andrews & Johansen, 2005). Misnøye med eigen utsjånad kan medverke til eit ubehag rundt kroppens eksponering i kroppsøvingstimane, noko som kan påverke elevanes trivsel og motivasjon for deltaking i faget (Azzarito & Solmon, 2006; Balli et al., 2014). Det kan også auke eins tilbøyelighet for sosial samanlikning og negative evalueringar av eigen kropp, noko som kan resultere i unnvikande eller skjulande strategiar (Carmona et al., 2015; Kerner et al., 2018b). Dersom kroppsspesifikke forhold fører til at elevane opplev usikkerheit, låg trivsel og manglande motivasjon for deltaking, kan det verke som om fagets potensiale som ein førebyggjande arena vert underminert. Den paradoksale situasjonen viser då til eit motstridande forhold mellom eit fag som er meint å førebyggje mot kroppspress og negative kroppsatile, men som mogleg blir felt av fenomenet det er meint å førebyggje mot. Dette understrekar også viktigheita av å adressere og utforske kva betyding kroppsspesifikke faktorar har for kroppsøvingsfaget, og spesielt i samband med elevars trivsel og deltaking i faget. På denne måten kan vi oppnå betre innsikt i korleis ein skal fremje positive læringsopplevelingar, til tross for kroppsspesifikke utfordringar.

1.1 Formål og problemstilling

Majoriteten av forskingsprosjekta som har undersøkt kroppsideal og -press i samanheng med kroppsøvingsfaget referer stort sett til internasjonale studiar (Azzarito & Solmon, 2006; Carmona et al., 2015; Catunda et al., 2017; Joy & Larsson, 2019; Kerner et al., 2018a; Lodewyk et al., 2009; Lodewyk & Sullivan, 2016; Schubring et al., 2021). Sjølv om desse studiane har gitt verdifull innsikt i ulike problemstillingar knytt til temaet, er forskingsfeltet framleis relativt lite utforska, spesielt i norsk kontekst.

Det er også eit fåtal studiar som tidlegare har undersøkt betydinga av kroppspress og kroppsideal i samband med elevars trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Denne problemstillinga er av stor betyding av fleire årsaker. Ved å utvide kunnskapsfeltet og gi auka innsikt i betydinga av kroppspress og kroppsatile i kroppsøvingsfaget, kan ein lettare

identifisere utfordringar og implementere tiltak relatert til kroppsspesifikke forhold. Følgande kan ein leggje til rette for eit inkluderande og likeverdig læringsmiljø som fremjar trivsel, deltaking og ei positiv utvikling. Med bakgrunn i dette har denne studien til hensikt å undersøkje to forskingsspørsmål:

Q1: I kva grad opplev vidaregåande elevar kroppspress og internalisering av utsjånadsideal?

Q2: Kva betyding har kroppspress, internaliserte utsjånadsideal, tryggleik i klassen og kroppsspesifikke forhold i kroppsøving for trivsel og deltaking i faget?

I det neste kapittelet vil det bli gitt kontekstuelle beskrivingar av ungdomsfasen og kroppsøvingsfaget, med hensikt å leggje til rette for ei betre forståing av temaet som behandlast i oppgåva. Deretter blir studiens teoretiske rammeverk, samt tidlegare forsking på kroppspress, kroppsideal og kroppsøving presentert. Vidare følgjer studiens hypotesar og hypotesemodell, samt eit metodekapittel som beskriv og vurderer det metodiske arbeidet. Resultat- og diskusjonskapittelet er strukturert etter Q1 og Q2. Avslutningsvis blir studiens viktigaste funn belyst, før det blir gitt forslag til vidare forsking på feltet.

2 Ungdomsfasen

Ungdomstida er ein kompleks og dynamisk fase i livslaupet som representerer overgangen frå barndomen til vaksenlivet. Hjå denne fasen forsøker unge å finne sin identitet og plass i samfunnet, samstundes som det skjer ei rekke fysiske, psykologiske og sosiale endringar og utfordringar (Ricciardelli & McCabe, 2011). Dei mest openberre fysiske endringane er relatert til pubertetsutviklinga (Steinberg, 2008). For jenter inneberer dette hormonassosierete endringar som involverer oppstart av menstruasjon, samt endringar i kroppsstørrelse og form (Wertheim & Paxton, 2011). Gutars utvikling er ofte prega av stemmeskifte, auka hårvekst, samt auka muskulatur og kroppsstorleik (Ricciardelli & McCabe, 2011).

Sjølv om pubertetsendringane er ein naturleg og viktig del av ungdomstida, kan dei medføre ei rekke psykososiale utfordringar. Det kan gi auka sjølvbevisstheit, noko som vidare kan skape bekymringar knytt til utsjånad og kropp (Kvalem, 2007). Jenter kan i tillegg oppleve dei fysiske pubertetsendringane som meir utfordrande, då desse ofte medfører at ein bevegar seg vekk frå samfunnsidealene om utsjånad og kropp (Wertheim & Paxton, 2011). Gutar har oftare ei positiv oppleving av pubertetsendringar, ettersom fleirtalet bevegar seg nærmere det kroppslege idealet for menn. Det er likevel viktig å påpeike at pubertetsendringane ikkje nødvendigvis oppstår samtidig eller følger same mønster for all ungdom, og tidspunktet for når utviklinga skjer kan ha større betydning for opplevinga enn utviklinga i seg sjølv (Ricciardelli & McCabe, 2011). Det vert til dømes vist til korleis sosial samanlikning og eit behov for å bli akseptert og passe inn blant jamaldrande er problematisk i tilfelle der unge modnast tidlegare eller seinare enn jamaldrande (Ricciardelli & McCabe, 2011; Wertheim & Paxton, 2011).

Ungdomstida medfører også andre utfordringar, inkludert det å finne sin plass i sosiale grupper, utforske eigen seksualitet, og å balansere mellom sjølvstendigkeit og avhengigkeit i forhold til foreldre og andre autoritetar (Steinberg, 2008). I tillegg får vennskap og relasjonar med jamaldrande større betydning, og for mange unge er det viktig å finne sin plass i sosiale hierarki og grupperingar (Aagre, 2014). Vennegjengar kan gi ei kjensle av å vere inkludert og akseptert, som vidare påverkar eins sjølvoppfatning (Kvalem, 2007). Motsett kan også dei sosiale relasjonane opptre som ei kjelde til stress og bekymring, spesielt i samanheng med konfliktar, mobbing eller avvisning frå jamaldrande (Steinberg, 2008).

3 Kroppsøvingskontekst

Kroppsøving er det einaste praktisk-estetiske faget som er gjennomgåande hjå det 13. år lange skulelaupet. Faget har ein tydeleg etablert plass i norsk skule, og legitimerast spesielt gjennom detts moglegheit til å fremje elevars psykiske- og fysiske helse og velvære (Borgen et al., 2018; Evensen, 2020; Utdanningsdirektoratet, 2020). Ein sentral verdi hjå faget er til dømes at det skal «stimulere til livslang bevegelsesglede og til ein fysisk aktiv livsstil ut frå eigne føresetnadar» (Utdanningsdirektoratet, 2020, s. 2). Green (2010) viser til at det truleg er få oppfatningar som er so utbreidde og ukritisk akseptert som forbindinga mellom kroppsøving, aktiv livsstil og spørsmål om helse. I denne samanheng visast det til korleis fysisk aktivitet i skulen også berer med seg ei rekke andre formål, og at kroppsøving er meir enn bare «fysisk aktivitet» (Borgen et al., 2018; Dismore & Bailey, 2011). Hjå læreplanen vert det til dømes vist til at faget skal fremje samarbeid, forståing og respekt for kvarandre, samt gi moglegheit for å praktisere og reflektere over samspel, medverknad, likestilling og likeverd (Utdanningsdirektoratet, 2020).

Ein anna sentral verdi hjå kroppsøvingsfaget er at det skal fremje eit positivt sjølvbilete og gi elevane ein trygg identitet, gjennom å leggje til rette for refleksjon og kritisk tenking om kroppsideal som kan påverke sjølvkjensle, helse, trening og livsstil (Utdanningsdirektoratet, 2020). Denne tematikken vert diskutert hjå fleire som understrekar betydinga av å inkludere elevane i kritisk refleksjon rundt kroppsideal og kroppspress (Dowling, 2010; Martinsen, 2016). Spesielt vert utfordringa ved medias framstilling av kroppen som eit prosjekt, som kan skapast, endrast og brukast til å oppnå symbolsk makt, problematisert i samband med kroppsøvingsfaget. Slike førestillingar om kroppen kan bli forsterka gjennom faget dersom det ikkje blir gjort bevisste handlingar i tilknyting til dette (Dowling, 2010; Walseth et al., 2017). Faget har difor eit stort potensiale når det kjem til å skape kroppsbevisstheit (Bjørnebekk, 2015). Ved å leggje til rette for rørslepraksisar som fokuserer på kroppens funksjonelle evner vil elevane få moglegheit til å verdsette kroppen som meir enn eit estetisk objekt (Kerner et al., 2018a).

Kroppsøvingsfagets betyding blir også styrka ved at faget, i motsetning til andre arenaer for fysisk aktivitet, omfattar og møter alle barn og unge. Dette gjer kroppsøvingsfaget til ein unik arena der ulikheiter og mangfold blant elevane gjenspeglast både biologisk, sosialt og psykologisk, men også særleg i samband med elevanes trivsel og motivasjon i faget (Biddle &

Asare, 2011). At elevane opplev trivsel, glede og meistring verkar å vere ein viktig føresetnad for at dei skal bli inspirert til å bevege seg og delta aktivt i kroppsøvingsfaget (Lagestad, 2017). Til dømes vil eins sjølvoppfatning, som omhandlar vurdering, forventning og tru om seg sjølv, kunne påverke eins val av aktivitetar i kroppsøving, samt eins målsetting, innsats, uthald og prestasjonsnivå (Skaalvik & Bong, 2003). Aktiv deltaking vil vidare vere sentralt for at fagets formål skal kunne realiserast (Bjerke et al., 2016; Dismore & Bailey, 2011).

4 Perspektiv på kropps bilet

Kapittelet som følger vil vise til to ulike teoretiske perspektiv og to respektive modellar på kropps bilet. Den fyrste er ein kognitiv åtferdsmodell som er utarbeida med bakgrunn i eit kognitivt-behavioristisk perspektiv (Cash, 2002). Vidare vert det vist til *Tripartite Influence Model* som tek utgangspunkt i eit sosiokulturelt perspektiv (Thompson, Heinberg, Altabe & Tantleff-Dunn, 1999, referert i Tiggemann, 2011). Desse vil fungere som eit teoretisk rammeverk for studien, samt vere eit hjelpe middel i arbeidet med å forstå og undersøke betydinga av kroppspress og kroppsideal.

Begge modellane undersøkjer kropps bildets utvikling og funksjon, og erkjenner at kroppsbildeforstyringar utviklast som eit resultat av eit komplekst samspel mellom ulike biologiske, psykologiske og sosiale faktorar. Til tross for mange likskapstrekk fokuserer den kognitive åtferdsmodellen i større grad på personlege faktorar, som gjennom historiske og noverande hendingar kan forme og påverke eins kropps bilet. Modellen beskriv også kropps bilet som eit fleirdimensjonalt fenomen, og gir eit bilet av den komplekse interaksjonen mellom ulike påverknadsfaktorar. Derimot inkluderer *Tripartite Influence Model* både kulturelle, interpersonlege og individuelle faktorar, og fokuserer i større grad på korleis kultur og samfunn kan ha innflyting på kropps bilet. Begge dei nemnde modellane gir difor viktig innsikt i utvikling av kroppsmisnøye, og ved å inkludere begge i denne studien kan ein skape eit godt og breitt grunnlag for å undersøke utfordringar relatert til kroppsspesifikke forhold.

4.1 Definisjon på kropps bilet


Kropps bilet som fenomen fekk særleg merksemd hjå psykologien og sosiologien som følgje av Paul Schilder sitt arbeid rundt 1920. Han definerte kropps bilet som: «the picture of our own body which we form in our mind, that is to say the way in which the body appears to ourselves» (Schilder, 2013, s. 11). Gjennom tidene har forskingsfeltet til dels vore avgrensa og retta mot unge kvinner, eteforstyringar, samt kroppsstørrelse og kroppsform (Cash, 2012; Grogan, 2017). I seinare tid har det vore ei endring i fokus, der både eldre og yngre menn har fått auka merksemd hjå forskingsfeltet. I tillegg har det vorte ei aukane einigheit i forskarmiljøet om at kropps bilet er eit langt meir komplekst og mangsidig fenomen, som rommar meir enn bekymringar om vekt og form. Kropps bilet kan difor definerast som

eit fleirdimensjonalt fenomen som inkluderer både kognitive, affektive og åtferdsmessige dimensjonar, samt eins subjektive evaluering av eigen utsjånad (Thompson et al., 1999, referert i Wertheim, Paxton & Blaney, 2002).

4.2 Kognitiv åtferdsmodell

Mykje av den moderne forskinga på kroppsatilete har teke utgangspunkt i kognitive og/eller åtferdsmessige paradigme innan psykologien, og eit av dei mest sentrale er det kognitiv-behavioristiske perspektivet. I 2002 presenterte Thomas F. Cash ein kognitiv åtferdsmodell (KÅM) som hadde til hensikt å forklare kroppsatiletets utvikling og funksjon. Modellen synleggjere ideen om at kroppsatilete er eit fleirdimensjonalt fenomen, og rettar spesielt merksemd mot sosiale og kognitiv læringsprosessar som påverkar kjensler og åtferd (Cash, 2002).

Hjå modellen (Figur 1, s. 9) vert kroppsatilete beskrive som *kroppsbildehaldning* eller *body image attitudes*, som viser til individets oppleving av eigen kroppsleggjering. Dette kan til dømes vere eins fysiske utsjånad, fysiske (funksjonelle) kompetansar og biologiske føresetnadar. Kroppsatilete er ein sentral konstruksjon i eit samspel mellom eins måte å tenkje på (kognitivt), kjensler ein har (emosjonelt), samt korleis ein handlar (åtferd). Omgrepet rommar to sentrale dimensjonar; *kroppsbildeevaluering* og *kroppsbildeinvestering*. Kroppsbildeevaluering refererer til eins kognitive vurdering av eige utsjånad, og i kva grad ein er tilfreds eller misfornøgd med kroppen, medan kroppsbildeinvestering refererer til kor viktig utsjåaden er for det enkelte individ. For somme er kroppsatilete tett kopla saman med eins generelle sjølvoppfatning, og ein er då meir utsett for psykologisk påverknad dersom ein opplev kroppsmisnøye. Andre kan derimot verte mindre påverka av eit negativt kroppsatilete fordi kropp og utsjånad verkar mindre betydingsfull for eins liv eller identitet (Cash, 2012).



Figur 1. Kroppsbiilde: dimensjonar, determinantar og prosessar (Cash, 2011, s. 41)

4.2.1 Historiske og proksimale faktorar

I samband med kroppsbiletes utvikling og funksjon skil KÅM mellom *historiske* og *proksimale* faktorar. Dei historiske faktorane viser til hendingar eller erfaringar som tidlegare har funne stad, og som kan påverke eins utvikling av, og sårbarheit ovanfor eige kroppsbilete. Med bakgrunn i kognitiv og sosial læring kan slike hendingar medverke til at individet tenkjer, føler eller handlar på bestemte måtar i forhold til sin eigen kropp. Cash (2002) har identifisert fire slike faktorar; *kulturell sosialisering, mellommenneskelege erfaringar, fysiske karakteristikkar og endringar, samt personlegdomstrekk*. Desse historiske faktorane er tett knytt opp mot sosialisering, og kroppsrelaterte erfaringar i barne- og ungdomsåra kan ha særleg betydning for utviklinga av kroppsbilete.

Dei proksimale faktorane er derimot meir nærliggande i tid og refererer til noverande, aktuelle livshendingar. Her skil Cash (2002) mellom *aktiverande hendingar og kognitiv prosessering, samt justerande og sjølvregulerande prosessar*. Tanken er at spesifikke kontekstuelle situasjonar kan påverke og aktivere ulike formar for indre dialog, også omtalt som kroppsskjema. Dette er mentale strukturar som er utvikla med bakgrunn i tidlegare erfaringar, og som er utgangspunkt for korleis ein i framtida prosesserer informasjon knytt til eins utsjånad eller kropp (Cash, 2002; Tiggemann, 2012). Indre dialogar kan ofte vere


vanemessige og feilaktige, og består ofte av kjensleladde tankar og automatiske konklusjonar om ein eige utsjånad. I forsøk på å handtere negative kropps bildeevalueringar vil ein også kunne ty til kognitive og utsjånadskorrigande strategiar, samt unnvikande og kroppskjulande åferd (Cash, 2011).

Til tross for at modellen synleggjer skilje mellom historiske og proksimale faktorar poengterer Cash (2011) at dette skilje kan vere diffust, då meir umiddelbare erfaringar fort kan lagrast og bli ein del av eins tileigna kropps bildehistorie. Samanhengane mellom dei ulike faktorane er også komplekse og nødvendigvis ikkje årsaksamanhengande, til tross for bruk av piler i modellen.

4.3 Tripartite Influence Model

I tillegg til det kognitiv-behavioristiske perspektivet, har også det sosiokulturelle perspektivet vore populært hjå forsking på kropps bilet. *Tripartite Influence model* (TIM) vart utvikla som eit rammeverk i arbeidet med å forstå og undersøke kropps bilet (Thompson, Heinberg, Altabe & Tantleff-Dunn, 1999, referert i Tiggemann, 2011). Der KÅM fokuserer på individuelle faktorar som kan påverke kropps bilet (Cash, 2002), tar TIM for seg eit breiare spekter av faktorar, inkludert kulturelle og sosiale element. Til dømes fokuserast det på korleis kroppspress og samfunnsbestemte kroppsideal har påverknad på kropps bilet (Thompson, Heinberg, Altabe & Tantleff-Dunn, 1999, referert i Tiggemann, 2011).

Tiggemann (2011) viser til ein skjematiske representasjon av modellen (Figur 2, s. 11). Her vert det vist til ein stevnis framstilling der tanken er at det (1) eksisterer samfunnsmessige skjønnheitsideal som (2) vert kommunisert gjennom ei rekke sosiokulturelle kjelder, som til dømes media, familie, jamaldrande. Mottakaren av denne kommunikasjonen er individet som (3) potensielt internaliserer eller adopterer desse ideala. I kva grad individet opplev å imøtekome skjønnheitsideala påverkar i kva grad hen (4) opplev tilfredsheit eller misnøye med eigen kropp, noko som til slutt kan resultere i (5) affektive eller åferdsmessige konsekvensar (Tiggemann, 2011, 2012).



Figur 2. Ein skjematiske representasjon av den sosiokulturelle modellen (Tiggemann, 2012, s. 760).

4.3.1 Kroppsideal

Hjå modellens første punkt blir det vist til eksisterande skjønnheitsideal hjå samfunnet. Kulturar og subkulturar over heile verden besitter og overfører informasjon om betydinga av menneskeleg utsjånad. Slike forventningar eller standardar om kva utsjånad eller fysiske eigenskapar som er verdsett som attraktivt i samfunnet vert omtalt som kroppsideal (Cash, 2012; Kvalem, 2007), og desse kan variere med tid, samt innan ulike kulturar og subkulturar (Tiggemann, 2012). Gjennom råd om kosthald, trening, og marknadens investering i klede, skjønnheit- og moteprodukt, vert verdiar om kropp og utsjånad openberr og iaugefallande overalt (Cash, 2012; Tiggemann, 2012). Dei normative førestillingane artikulerer ikkje berre kva som er meir eller mindre attraktivt, men også kjønnsbaserte forventningar der femininitet og maskulinitet er kopla saman med visse typar fysiske eigenskapar (Cash, 2012). Fyrst når bestemte utsjånadar vert verdsett som attraktiv i samfunnet, vil dei påverke normene for kva som er ein vanleg og normal kropp (Kvalem, 2007).

Bordo (2003) har undersøkt den sosiale betydinga av kroppens ytre utsjånad og viser til korleis fyldige kropper, frå slutten av førre århundre, vart knytt til lav moral og reflekterte personleg utilstrekkelegheit eller mangel på viljestyrke og kontroll. At ideala signaliserer verdiar som personleg orden eller uorden er noko som framleis eksisterer hjå kulturar i dag

(Bordo, 2003; Loland, 2000). Til dømes vert slanke, muskuløse og markerte kroppar ofte forbunde med energi, suksess og sosial aksept (Bordo, 2003).

4.3.2 Kjelder til kroppspress

Vidare i den sosiokulturelle modellen vert det vist til korleis skjønnheits- og utsjånadsideal vert kommunisert gjennom ei rekke sosiokulturelle kjelder (Tiggemann, 2012). Dette kan føregå gjennom formidling av synspunkt og forventningar, samt verbal- og nonverbal kommunikasjon i interaksjon med andre (Kvalem, 2007). Her skil TIM seg frå KÅM, ved å legge større fokus på sosiokulturelle kjelder til press, og det vert til dømes identifiserer tre primære kjelder som har betydeleg innverknad på kroppsbygninga. Desse kjeldene er familie, jamaldrande og media. KÅM inkluderer imidlertid også faktorar med sosiokulturelt opphav, men dette vektleggast i mindre grad, og knytast i staden opp mot individuelle faktorar som gir dei betyding.

Familien, som den fyrste sosiokulturelle kjelda, spelar ei sentral rolle i den primære sosialiseringa av born og unge. Spesielt vil familien ha ei viktig dannande rolle ved å fremje ulike haldningar og verdiar (Jones, 2011). I samanheng med dette vil familien også kunne kommunisere kulturens kroppsideal både direkte og indirekte, gjennom verbal og non-verbal kommunikasjon. Ved å kommentere barnets utsjånad og vekt, eller ved å utarbeide strenge reglar i samband med mattider og matinntak, kan ein påverke barnets kroppsbygninga direkte. Dersom foreldre har strenge reglar overfor seg sjølv, i samband med til dømes matinntakt og trening, eller brukar mykje tid på bekymringar knytt til eiga vekt, kan det påverke barnet indirekte gjennom modellert oppførsel. Til dømes vil mødrer og fedrar som vier mykje merksemd til utsjånad sende signal til sine born om betydinga av dette (Tiggemann, 2011).

Ein annan sentral kjelde til press er jamaldrande. For det fyrste vil born og unge kunne ta med seg verdiar og forventningar som dei har lært gjennom interaksjon med familie, media og betydingsfulle andre (Jones, 2011). Vidare kan dei utøve, formidle eller kommunisere slike forventningar gjennom erting og kommentarar, deling av bekymringar om vekt, eller samtalar om kropp og utsjånad. På denne måten vert samfunnsideala også kommunisert i miljøet blant jamaldrande (Tiggemann, 2012).

Til slutt vert media anteke å vere den mektigaste og mest gjennomgripande påverknadsfaktoren hjå den sosiokulturelle modellen. Dagleg vert unge utsett for massemedia som TV, film, vekeblad, samt andre sosiale plattformar. Desse plattformene framstiller samfunnets skjønnheitsidealar gjennom til dømes skjønnheitsprodukt, trening og

kosthaldsprogram (Tiggemann, 2012). På denne måten vil unge utvikle ein ide om kva som er ansett som «attraktivt» i samband med kropp og utsjånad.

4.3.3 Internalisering, sosial samanlikning og utvikling av kroppsskjema

Når ideala vert kommunisert og overført via sosiokulturelle kjelder, viser TIM vidare til ein prosess der ideala vert internalisert av individet (Tiggemann, 2012). Internalisering omhandlar å akseptere, og vidare adoptere dei samfunnsmessige idealene som mål for ein sjølv. I kva grad samfunnsidealene vert internalisert av individua kan variere, og det er heller ikkje slik at dei automatisk resulterer i kroppsmissnøye. Dette skjer først når individet ser på idealene som betydningsfulle, samt engasjerer seg i dei på ein eller anna måte (Tiggemann, 2012). I tillegg vil individas grad av sårbarheit overfor det sosiokulturelle presset ha betydning. Til dømes vil genetiske, biologiske og psykologiske faktorar moderere i kva grad ein er sårbar eller motstandsdyktig i møte med sosiokulturelt press (Tiggemann, 2012).

Slike personlege faktorar vert i større grad teke hand om hjå KÅM, som mogleg gir betre innsikt i korleis individuelle disposisjonar kan verke beskyttande eller gjere ein sårbar for utvikling av kroppsbiodeførstyringar (Cash, 2002, 2012). Imidlertid har nyare forsking som inkluderer det sosiokulturelle perspektivet via auka merksemd til ytterlegare medierande prosessar som påverkar internaliseringa. Desse er til dømes sosial samanlikning, perfeksjonisme og kroppsskjema (Keery et al., 2004; Van den Berg et al., 2002). Desse personlegdomseigenskapane kan påverke eins sjølvoppfatning, samt ha stor betydning for i kva grad ein opplev misnøye med eigen kropp (Keery et al., 2004; Van den Berg et al., 2002).

I samband med sosial samanlikning er det også av betydning kva ideal som vert illustrert i samanheng med skjønnhet, kropp og utsjånad (Tiggemann, 2012). Sosial samanlikning omhandlar eins tilbøyelighet for å søke kunnskap om seg sjølv gjennom å samanlikne seg med andre (Cash, 2012; Tiggemann, 2012). Slik Tiggemann (2012) poengterer tilsvara idealene som regel uoppnåelige og urealistiske kropper eller utsjånadsaspekt. Når ein samanliknar kroppane sine med slike ideal, vil ein mest sannsynleg finne manglar eller feil med eigen kropp (Tiggemann, 2012).

Som det kjem fram her, avkreftar ikkje den sosiokulturelle modellen tanken om at individuelle karakterar har betydning på kroppsbygget, men legg heller meir fokus på innflytelse og kreftar som finn stad hjå spesifikke sosiokulturelle miljø. Eit slikt miljø kan vere både det fysiske, det sosiale og det kulturelle miljøet (Tiggemann, 2012). Modellen er også først og

fremst nytta innan forsking på kroppsvekt og form, men Tiggemann (2011) viser til at den likegodoit kan inkludere andre funksjonar som hudfarge, bryststørrelse, eller andre eigenskapar hjå mennesket.

5 Tidlegare forsking

I denne delen vil det bli gitt ein gjennomgang av tidlegare forsking og eksisterande litteratur som omhandler kroppsideal, kroppspress og kroppsatilet blant ungdom. Det vil også bli vist til forsking som har undersøkt temaet i samband med kroppsøvingsfaget. Teksten vil ta utgangspunkt i ein struktur som samsvarar med den skjematiske representasjonen av TIM. Fyrst vert det undersøkt kva sosiokulturelle utsjåndsideala unge siktar etter, og i kva grad dei opplever kroppspress frå familie, media og jamaldrande. Vidare vil det bli utforska kva konsekvensar kroppsspesifikke forhold har generelt, samt detts implikasjonar for kroppsøvingsfaget.

5.1 Kroppsideal

Hjå fleire studiar har unge jenters kroppsideal vorte avdekkja, der det mest sentrale er idealet om ein slank kvinnekkopp (Ata et al., 2007; Durkin et al., 2007). Forsking viser også at idealkroppen har vorte supplert med ytterlegare standardar, som til dømes middels brygstørrelse, smale hofter og ein veltrent kropp. Standardane går også utover forhold som omhandler kroppens form og fasong. Til dømes vert ein attraktiv kvinnekkopp ansett som solbrun og ung, med plattfri mjuk hud, lite kroppshår, fyldige lepper, høge kinnbein og lita nase (Aghekyan et al., 2012; Furnham et al., 2002; Kvalem, 2007; Tiggemann, 2011).

I samband med kroppsidealene som råder blant gutter, viser fleire studiar til ungdomars ynskje om å bli sterkare og meir muskuløse (Jones & Crawford, 2005; Leit et al., 2001; Oehlhof et al., 2009; Rodgers et al., 2012; Sæle et al., 2021). Spesielt er det eit fokus på å utvikle breie skuldrer, sterke armar og generell overkroppsstyrke (Ata et al., 2007; Ricciardelli et al., 2007). Idealet om muskuløse kroppar er likevel avgrensa til moderat muskulatur, og studiar viser at dedikerte kroppsbyggjarar blir assosiert med negative diskursar. Tanken om at musklar vil omdanne seg til feitt seinare i livet var grunninga til kvifor enkelte ikkje ynskte å bli for muskuløse (Grogan & Richards, 2002).

Det mannlege kroppsidealet vert difor utvida med eit ynskje om slanke, atletiske og velproporsjonerte kroppar (Grogan & Richards, 2002; Jones & Crawford, 2005; Leit et al., 2001; Oehlhof et al., 2009; Rodgers et al., 2012; Sæle et al., 2021). Slike tendensar ser ein også hjå andre studiar, som indikerer at gutter legg vekt på kroppar som inkorporerer eigenskapar som betraktast som ynskeleg for idrettsprestasjonar (Hill, 2015; Ricciardelli & McCabe, 2011). Dette

omhandlar sportslege kontekstar som svarar til eit mannsdominert domene der styrke og kondisjon er nyttig for sportsleg opptreden (Hill, 2015; Ricciardelli et al., 2007).

5.2 Kroppspress frå ulike kjelder

Ideen om at familie, jamaldrande og media har stor betyding for i kva grad ein internaliserer ulike kroppsideal, har vorte støtta av fleire studiar (Keery et al., 2004). Slik vi har sett er sosiale relasjoner ein viktig del av ungdomsåra og kan ha stor betyding for unges utvikling av identitet og sjølvbilete. Spesielt er vennskap og relasjoner med jamaldrande betydingsfullt (Kvalem, 2007; Aagre, 2014). Likevel viser tidlegare forsking at alle dei tre primære kjeldene; familie, jamaldrande og media, har betyding for oppleving av kroppspress blant ungdomen.

Kroppspress frå familie

Ata et al. (2007) presenterer familien som den mest framståande faktoren for utvikling av eit negativt kropps bilde blant unge. Til dømes har det vorte påpeikt korleis utsjånadsrelatert erting og press om vektendring kan manifestere seg i familien og påverke unges kropps bilet negativt (Ata et al., 2007; Neumark-Sztainer et al., 2007). Betydinga av familierelasjoner vert også presisert hjå andre studiar, som viser at därlege familierelasjoner har samanheng med låg kroppstilfredsheit (Holsen et al., 2012; Pike & Rodin, 1991).

Vidare framhevar Rodgers og Chabrol (2009) korleis kommentarar knytt til kroppsform, vekt og matvanar, enten dei er positive eller negative, kan skape eit press om å gå ned i vekt blant unge jenter. Det same ser ein att hjå Sæle et al. (2021), som viser at mykje diskusjon om, og fokus på kropp i familien medfører at ein sjølv verte meir oppmerksam på kropp og utsjånad. Dette vert støtta av Neumark-Sztainer et al. (2007), som viser at foreldres oppfatningar, synspunkt og åtferd kan ha betyding for i kva grad unge utviklar kroppsmisnøye. Til dømes kan jenter bli negativt påverka dersom familiemedlemmar har mykje fokus på diettar, matintak og slanking.

Hjå Tylka (2011) vert det vidare presisert at familien kan påverke unges kroppsoppfatning gjennom bruk av media. Når familien jamleg utset guitar for mediebilete av muskuløse kroppar, kan dette forsterke unges idé om kva som er attraktivt. Dette vert også støtta av forsking som viser at press frå familie kan auke unges samanlikningstendensar og internalisering av ulike utsjånadsideal (Rodgers & Chabrol, 2009).

Kroppspress frå jamaldrande

Tidlegare forsking finn også at interaksjonar og samanhandling med jamaldrande har stor betyding for utviklinga av kroppsatilete. Blant anna vert det vist at unge skapar ein utsjånadskultur som er styrt av normer og forventningar. Slike forventningar vert vidare modellert og forsterka innanfor miljøet blant jamaldrande (Jones & Crawford, 2006). Dette ser ein døme på i samband med samtaletemaa hjå ulike jentegjengar. Desse omhandlar ofte prat om diettar, samt utsjånadsrelaterte spørsmål, -usikkerheit og -bekymringar. På same måtar delar også gutegjengar oppfatningar om utsjånad og kropp, då spesielt med fokus på musklar og maskulinitet (Jones & Crawford, 2006). Kroppspresset unge opplev frå jamaldrande er vidare funne å vere ulikt for jenter og gutter. Presset guitar opplev, om å auke muskulatur, vert funne å vere lågare enn presset jenter opplev i samband med vektnedgang (Ata et al., 2007).

Jones et al. (2004) viser også at direkte kommentarar eller kritikk om utsjånad kan bidra til å skape eit kroppspress blant unge. Dette kan relaterast til Grogan og Richards (2002) sine funn, som illustrerer unges kollektive oppfatning om at fylde og overvekt er relatert til manglande vilje eller tap av kontroll (Grogan & Richards, 2002). Elevar som ikkje svarar til samfunnsidealene kan oppleve direkte konsekvensar av dette i relasjon med jamaldrande, og fleire studiar viser til unges erfaringar med latterliggjering, ekskludering, mobbing, erting, og bruk av kallenamn (Grogan & Richards, 2002; Hill, 2015; Johnson et al., 2013; Jones, 2004).

I denne samanheng blir det også vist til eit sosialt hierarki hjå jamaldrande i skulen (Hill, 2015). Hjå Ricciardelli et al. (2007) vert til dømes «dominans» identifisert som eit tema. Sjølv om det å vere dominant vert sett på som ein måte å representere makt og status, hadde det større betyding som ein strategi for å unngå mobbing. Til dømes vert ein muskuløs og markert kropp forbunde med kjensla av sjølvtillit, makt og status i sosiale situasjonar (Grogan & Richards, 2002). Mange unge er også kjent med dei sosiale fordelane idealkroppen medfører, som til dømes fysiske eigenskapar, popularitet, sosial anerkjenning og fråvær av negative reaksjonar (Azzarito & Solmon, 2006; Hill, 2015; Johnson et al., 2013; Kvalem, 2007).

Kroppspress frå media

Til slutt har forsking vist at digitale media opptar mykje av tida til dagens ungdom, og har difor stor betyding for i kva grad unge utviklar kroppsmisnøye (Ata et al., 2007; Keery et al., 2004; Knauss et al., 2008). Til dømes viser Harrison og Hefner (2006) at tv-tutting har stor påverknad på kva kroppsideal unge adopterer, samt korleis deira kroppsatilete utviklar seg. Spesielt vert

eksponering av mediebilete, som illustrerer eit tynt kroppsideal, funne å fremje unge jenters kroppsmisnøye (Grabe et al., 2008). Dette gjeld også for gutter som vert eksponert for, og vidare samanliknar seg med mannlege muskuløse kroppar som er illustrert i magasin (Azzarito & Solomon, 2006). Vidare har Fardouly et al. (2015) vist at unge med samanlikningstendensar i større grad utviklar usikkerheit tilknytt eigen utsjånad etter å ha besøkt sosiale media, noko som resulterer i at ein vert nedstemd (Fardouly et al., 2015).

5.3 Kroppsspesifikke forhold og detts betyding for kroppsøvingsfaget

5.3.1 Kroppsideal og kroppspress i kroppsøvingsfaget

I følgje KÅM kan historiske faktorar, som til dømes kulturell sosialisering, mellommenneskelege erfaringar, fysiske karakteristikkar og personlegdomstrekk, forme eins kroppsildeevaluering, kroppsskjema og mentale strukturar. Når ein står overfor spesifikke kontekstuelle situasjonar, kan forskjellige formar for indre dialog aktiverast, noko som kan resultere i kognitive strategiar, samt unnvikande og kroppskjulande åtferd (Cash, 2002, 2011; Tiggemann, 2012). I samanheng med dette har tidlegare forsking vist at kroppsspesifikke erfaringar kan påverke elevars møte med, og oppleving av kroppsøvingsfaget.

Først og fremst vert det vist til samanhengar mellom internaliserte kroppsideal og kroppsildeevaluering i tilknyting til opplevinga av kroppsøvingsfaget. Blant anna viser fleire studiar at jenter, i større grad enn gutter, rapporterer om usikkerheit og kroppsmisnøye, der dette ofte botnar ut i eit ynskje om ein slankare kropp (Azzarito & Solomon, 2006; Kerner et al., 2018a; Lodewyk et al., 2009; Lodewyk & Sullivan, 2016). Til tross for større misnøye blant jenter vart det også funne kroppsmisnøye hjå gutter som viste til både ynskje om ein slankare kropp eller ein større kroppsbygning (Azzarito & Solomon, 2006; Kerner et al., 2018a; Lodewyk et al., 2009; Lodewyk & Sullivan, 2016).

Det er med dette tydeleg at samfunnskonstruerte kroppsideal vert reflektert og gjenspegla blant elevane i kroppsøvingsfaget. Hjå Joy og Larsson (2019) kjem det også fram at narrativ og oppfatningar om kropp og utsjånad vert reproduksjonert i klasserommet, og vidare bidreg til å oppretthalde ulike diskursar knytt til kroppslege ideal. For det første vert det vist til korleis kroppsøvingsfaget vert nytta som eit middel for å konstituere dei samfunnskonstruerte kjønnsnormene. Vidare vert maskuline diskursar produsert og reproduksjonert gjennom ulike rørsler og måtar å opptre på (Joy & Larsson, 2019).

Forsking viser også at unge presenterer seg sjølv på ein måte som samsvarar med eigenskapar til medelevar og klassen. Som ei følgje av dette vil klassens kroppsoppfatningar i stor grad påverke og gjenspegle elevanes bekymring knytt til kroppsibile (Carmona et al., 2015). Tilsvarande tematikk finn ein hjå Azzarito og Solmon (2006) som undersøkjer korleis gruppeprosessar og -normer utspelar seg hjå einkjønna klassar. Funn indikerer at gutter, i motsetning til jenter, har større sannsyn for å følgje klassens diskursar. Hjå Joy og Larsson (2019) vert det i denne samanheng vist til at kroppsøvingsfaget kan opplevast å vere dominert av maskulinitet. Dette kan påverke elevars moglegheiter for læring, tilstedeværelse, trivsel og deltaking.

5.3.2 Kroppsfokus og detts betyding for trivsel og deltaking

Slik det vart presentert hjå kapittel 3, har kroppsøvingsfaget ein betydingsfull verdi med moglegheit til å kunne fremje fysisk helse og velvære, samt sosiale og emosjonelle ferdigheiter (Utdanningsdirektoratet, 2020). For at kroppsøvingsfaget skal kunne realisere sine formål, er det sentralt at elevane opplev ei positiv sjølvoppfatning, trivsel og meistring, slik at dei blir inspirert til å bevege seg og delta aktivt i faget (Bjerke et al., 2016; Dismore & Bailey, 2011; Skaalvik & Bong, 2003). I midlertid viser forsking korleis eins kroppsfokus kan ha betyding for elevars trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget.

I ei norsk undersøkinga med 3000 ungdomsskuleelevar frå heile landet vart det funne at 22.4% av elevane var heilt eller litt einig i at dei var misfornøgde med eigen kropp i kroppsøvingstimane, der jentene dekkja 12.6% av denne andelen. I samanheng med spørsmål om elevane grua seg til kroppsøvingstimen var det 10.2% som oppgav at dei var heilt eller litt einig. Resultata viste også at kroppsøvingsfaget var mest populært blant gutane (Moen et al., 2018). Sjølv om det ikkje vart undersøkt potensielle samanhengar mellom desse funna, har annan forsking vist at kroppsmisnøye og bekymringar knytt til eigen utsjånad påverka elevars trivsel, innsats og deltaking i timane (Andrews & Johansen, 2005; Lodewyk et al., 2009).

Tidlegare studiar har også undersøkt vidaregåande elevars tilfredsheit med kroppsøvingsfaget, i forhold til blant anna kroppstype. Elevar som vart betrakta som overvektige oppgav, i motsetning til sine normalvektige medelevar, mindre tilfredsheit med faget, samt mindre aksept frå jamaldrande (Ruiz-Ariza et al., 2018). Også hjå Ryan et al. (2009) vart det viste til at normalvektige elevar registrerte høgare aksept for faget. Når resultata viser til samanhengar knytt til kroppsform og vekt, kan dette likegjeldt omhandle aspekt knytt til

fysisk form. Til dømes kan eins fysiske form ha betydning for eins oppleving av komfort ved gjennomføring av aktivitetar, utan å nødvendigvis vere direkte relatert til kroppsmisnøye. Likevel har eksisterande litteratur vist at kroppsibile ofte er eit resultat av avstand til idealkroppen (Lodewyk et al., 2009; Lodewyk & Sullivan, 2016), og det kan difor vere tilfelle der både fysisk form og kroppsibile spelar inn.

Lodewyk et al. (2009) fant imidlertid samanhengar mellom kroppsmisnøye, test-angst, meistringstru og utvikling av fysiske ferdigheter, og viser til at dette mogleg kan forklare kvifor enkelte vel å delta meir aktivt i fysisk aktivitet enn andre. Til dømes vert det hjå Hill (2015) vist til gutar som føler seg svake på bakgrunn av samanlikning med kompisar, noko som også medfører at dei verte meir sårbare og usikre ovanfor eigen kropp i kroppsøvingsfaget. Vidare uttrykkjer Andrews og Johansen (2005) at bekymringar om kropp og utsjånad kan påverke elevanes innsats i timane.

I denne samanheng viser forsking til unnvikande åtferd og skjuleteknikkar. Skjuleteknikkar kan utløysast hjå bestemte situasjonar eller aktivitetar der elevane kjenner seg ukomfortable, pressa eller usikre (Hagen et al., 2014). Hjå Carmona et al. (2015) blei det vist til at kroppsmasseindeks og kroppsmisnøye hadde positive samanhengar med skjulande eller unnvikande åtferd, både blant jenter og gutar. Likevel nytta jentene, som også hadde eit sterkare ynskje om ein slankare kropp, unnvikande åtferd i større grad enn gutane. Dei var også mindre aktive og hadde lågare fysisk deltaking i faget. Jentene hjå Andrews og Johansen (2005) sin studie, viste likeins sjanse i samband med ei kjensle av at kroppen vart granska i kroppsøvingstimane, og spesielt i garderoben. Dette medførte ulike strategiar som til dømes å sløkkje lyset i garderobe, dekkje seg til med handklede, eller i verste fall å droppe dusjen. Dette påverka igjen elevanes innsats i timen, der elevane lurte seg unna og sikta mot eit lågt intensitetsnivå for å unngå å bli svette eller slitne.

Forskingfeltet referer mindre spesifikt til gutars tilbøyelighet for unnvikande eller skjulande åtferd. Imidlertid viser studiar korleis kroppsforteljingar og kroppslege bekymringar, hjå både jentene og gutane, i stor grad kan påverka deira aktivitetsval i kroppsøvingstimane. Whitehead og Biddle (2008) uttrykkjer til dømes korleis jenter tek avstand frå enkelte aktivitetar då dette kan medføre rotete hår, øydelagt sminke, brekte negler, skitne klede, og generelt det å sjå uryddig ut (Whitehead & Biddle, 2008). Hjå Azzarito og Solmon (2006) vert det også vist til korleis enkelte gutar deltek i kroppsøvingsfaget, berre om det samsvarar med deira kroppsoppfatningar eller sportslege mål. Andre elevar deltek, til tross for at dei sjeldan

viser entusiasme eller engasjement i timane (Azzarito & Solmon, 2006). Enkelte elevar utrykkjer også eit ynskje om å inkludere meir vektløfting i kroppsøvingsfaget, då dette vil hjelpe dei på veg mot eit muskuløst kroppsideal.


Dette vert også eit tema hjå Hill (2015), som omtalar elevar som deltek i aktivitetar med mål om å kome nærrare idealkroppen. Gutar frå studien deler vidare erfaringar knytt til det å måtte jobbe for ein kropp som er verdsett og har verdi i skulen, noko som påverkar trivsel, deltakinga, ferdighetsframføring, samt interaksjon med andre elevar. Til dømes fortel ein elev korleis mangel på styrke og kroppsstørrelse medverkar til at han blir passig i aktivitetar, då han sjeldan vert inkludert av medelelevane (Hill, 2015). Å føle at ein er anerkjent, respektert og medrekna i det sosiale miljøet blant jamaldrande har stor betyding for eins sjølvverd, psykiske helse og livskvalitet. Dette er også sentrale kjenneteikn på eit godt læringsmiljø, noko som inkluderer vennskap, tryggleik, inkludering, samt fråvær frå mobbing og plaging (Skaalvik & Skaalvik, 2018). Slike faktorar har også vorte funne å ha ei sentral betyding for elevanes trivsel, innsats, interesse og engasjement, samt faglege sjølvvurdering (Battistich et al., 1995).

6 Analysemodell og hypotesar

Med hensikt å kunne svare på studiens problemstillingar, er det utarbeida ein analysemodell med tilhøyrande hypotesar. Målet med undersøkinga er å teste teori og tidlegare forsking, og forhåpentlegvis tilføye kunnskap i samband med betydinga av kroppspress og kroppsideal for trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Det fyrste forskingsspørsmålet (Q1) er eit deskriptivt forskingsspørsmål og har ingen tilhøyrande hypotesar. I samband med det andre forskingsspørsmålet (Q2) er det utarbeida ein analysemodell (sjå figur 3, s. 23), samt 18 hypotesar (sjå tabell 1, s. 25) med bakgrunn i teori og tidlegare forsking. For ordens skyld repeterer vi forskingsspørsmåla presentert hjå kapittel 1.1:

Q1: I kva grad opplev vidaregåande elevar kroppspress og internalisering av utsjånadsideal?

Q2: Kva betydning har kroppspress, internaliserte utsjånadsideal, tryggleik i klassen og kroppsspesifikke forhold i kroppsøving for trivsel og deltaking i faget?



Figur 3. Hypotesemodell. Heiltrekt linje (—) indikerer positive samanhengar, stripla linje (---) indikerer negative samanhengar.

Analysemodellen baserer seg på ulike hypotesar, og slik modellen viser er det antatt at både eit tynt og attraktivt ideal har negativ direkte effekt på deltakinga i kroppsøvingsfaget. Dette er med bakgrunn i forsking som, i fyrste omgang, viser til at unge med slike ideal ofte har større kroppsmisnøye, noko som vidare har vist å kunne utløyse mistrivsel og lågt engasjement for kroppsøvingsfaget, samt auka tilbøyelighet unnvikande eller skjulande åtferd (Andrews & Johansen, 2005; Carmona et al., 2015; Lodewyk et al., 2009). Vidare vert det vist at elevar som skil seg frå samfunnsidealene kan oppleve direkte sosiale konsekvensar, som igjen kan påverke trivsel og sosial deltaking (Grogan & Richards, 2002; Hill, 2015; Johnson et al., 2013; Jones, 2004).

Det motsette vert derimot forventast av hjå muskuløst ideal. Forskinga viser til noko varierande teoriar om konsekvensane av eit muskuløst ideal, der funn i større grad baserer seg på forventningar knytt til kjønn. Hypotesen antar difor at gutter representerer ein større andel av gruppa som potensielt rapporterer om eit muskuløst ideal. Forskinga viser i so fall til at gutter

i større grad opplev pubertetsendringane positivt (Wertheim & Paxton, 2011), at dei i mindre grad opplev kroppsmisnøye og nyttar skjuleteknikkar (Carmona et al., 2015). I tilfelle der det vert rapportert om eit muskuløst ideal, vert det i så måte vist til at kroppsøvingsfaget vert nytta som ein arena kvar ein kan tilnærme seg dette idealet, der dominans vert nytta som ein strategi for å kompensere for avvik frå kroppsideal (Hill, 2015; Ricciardelli et al., 2007). Det vert difor antatt ein positiv direkte effekt mellom muskuløst ideal og deltaking i kroppsøvingsfaget. Vidare forventast det at sosial samanlikning og usikkerheit knytt til eigen kropp i faget har ein negativ direkte effekt på aktivitetsnivået, medan tryggleik til klassen derimot påverkar deltakinga positivt. Også desse hypotesane er støtta på tidlegare forsking (Azzarito & Solomon, 2006; Fardouly et al., 2015; Hill, 2015; Ricciardelli & McCabe, 2011; Wertheim & Paxton, 2011). Til slutt anslår hypotesane at gutane generelt trivast betre og er meir deltakande i kroppsøvingsfaget.

Det er forventa at alle dei nemnde endogene variablane, her også inkludert pressfaktorane, også har indirekte effektar til deltakinga i faget, mediert av trivsel. Dei indirekte effektane vert anslått å gi same resultat som dei direkte effektane nemnd tidlegare, bortsett frå det muskuløse idealet. Dette då forsking viser at eit muskuløst ideal kan ha positiv samanheng med deltakinga, men ikkje nødvendigvis til trivselen i faget. Alle kjeldene til kroppspress er derimot antatt å ha ein negativ indirekte effekt. Desse forventningane er støtta på ideen om at trivsel er ein viktig føresetnad for deltaking i kroppsøvingsfaget (Bjerke et al., 2016; Dismore & Bailey, 2011). I tillegg har tidlegare forsking vist samanhengar mellom bekymringar ovanfor eigen kropp, trivsel i faget, samt deltakinga der unnvikande strategiar og teknikkar kan ha betyding (Carmona et al., 2015). Fullstendige hypotesar vert presentert hjå tabell 1, s. 25.

Tabell 1: Hypotesar tilhøyrande forskingsspørsmål Q2.

| | Hypotesar | Spesifikasjon av hypotesar |
|--------------------------------------------------------------------|------------------|----------------------------------------------------------------------------------------|
| Faktorar med direkte samanheng med deltaking | H1 | <i>Det er ein positiv samanheng mellom trivsel og deltaking i kroppsøving</i> |
| | H2 | <i>Tynt ideal har ein negativ samanheng med deltaking</i> |
| | H3 | <i>Muskuløst ideal har ein positiv samanheng med deltaking</i> |
| | H4 | <i>Attraktivt ideal har ein negativ samanheng med deltaking</i> |
| | H5 | <i>Sosial samanlikning i kroppsøving har ein negativ samanheng med deltaking</i> |
| | H6 | <i>Usikker på kroppen i kroppsøving har ein negativ samanheng med deltaking</i> |
| | H7 | <i>Tryggleik i klassen har ein positiv samanheng med deltaking</i> |
| | H8 | <i>Jente er mindre delaktige i kroppsøving, enn gutter</i> |
| Faktorar med indirekte samanheng med deltaking, mediert av trivsel | H9 | <i>Tynt ideal har ein negativ samanheng med deltaking, mediert av trivsel</i> |
| | H10 | <i>Muskuløst ideal har ein positiv samanheng med deltaking, mediert av trivsel</i> |
| | H11 | <i>Attraktivt ideal har ein negativ samanheng med deltaking, mediert av trivsel</i> |
| | H12 | <i>Press frå familie har ein negativ samanheng med deltaking, mediert av trivsel</i> |
| | H13 | <i>Press jamaldrande har ein negativ samanheng med deltaking, mediert av trivsel</i> |
| | H14 | <i>Press frå media har ein negativ samanheng med deltaking, mediert av trivsel</i> |
| | H15 | <i>Sosial samanlikning har ein negativ samanheng med deltaking, mediert av trivsel</i> |
| | H16 | <i>Usikker på kroppen har ein negativ samanheng med deltaking, mediert av trivsel</i> |
| | H17 | <i>Tryggleik i klassen har ein positiv samanheng med deltaking, mediert av trivsel</i> |
| | H18 | <i>Jenter er mindre delaktige i kroppsøving, mediert av trivsel.</i> |

7 Metode

I dette kapittelet vil det gjerast reie for metodiske val og avvegingar som er gjort i samband med studien. Kapittelet vil presentere gjennomføringa av datainnsamlinga, studiens utval, måleinstrument og variablar, samt drøfting av dataas reliabilitet og validitet.

7.1 Forskingsstrategi og-design

Tidlegare forsking på kroppsibile og kroppspress har i stor grad nytta seg av kvantitative tilnærmingar. I den grad kroppsspesifikke forholda er undersøkt i relasjon til kroppsøvingsfaget, har det vorte vist til både kvalitative og kvantitative prosjekt. På bakgrunn av forskingsspørsmåla som søker å identifisere variablar og undersøkje samanhengar mellom dei, vil det vere hensiktsmessig å nytte ein kvantitativ tilnærming (Creswell & Creswell, 2018).

Den kvantitative tilnærminga vil kunne redusere eins innsikt i folks utdjupande tolkingar og refleksjonar, slik andre kvalitative design kan gi tilgang til (Kvale & Brinkmann, 2015). På bakgrunn den kognitive åtferdsmodellen, som illustrerer at individuelle karakteristikkar og personlegdomstrekk har stor betyding for kroppsibile (Cash, 2002), ville mogleg slike refleksjonar vore interessante. Likevel inkluderer kvantitative metodar eit større utval respondentar, noko som kan gi eit meir overordna bilet av elevgruppas forhold til eksempelvis dei kroppsspesifikke fenomena inkludert i denne studien. I tillegg vil slik data opne opp for å gjennomføre systematiske målingar, som vidare kan gi opplysingar om dei antekne relasjonane, samt informasjon om effektar, styrke og variansar (Creswell & Creswell, 2018).

Som forskingsdesign vert det, i likskap med dei fleste andre kvantitative studiane, utført ein tverrsittundersøking. Eit slikt design referer til ein standardisert undersøking som vert gjennomført ein gong, og på eit bestemt tidspunkt (Skog, 2004). På denne måten kan ein få nyttig innsikt i observasjonseiningane, samt moglegheit for å avdekkje variasjon og samvariasjon mellom variablar, noko som vil vere hensiktsmessig med bakgrunn i studiens forskingsspørsmål (Skog, 2004). Ei ulempe vil likevel vere at eit tverrsittdesign fratar ein moglegheita til å undersøkje utvalet over tid, og ved gjentatte undersøkingar, slik som hjå longitudinelle studiar. Dette medfører også at ein med mindre tryggleik kan sei noko om kausaliteten hjå dataa, grunna begrensa samanliknbarheit og derav potensielle spuriøse korrelasjonar.

Slik Skog (2004) viser til skal ein difor alltid vere varsam med å anta årsaksrelasjonar. Ein må blant anna vere open for at informasjonen ein har samla inn ikkje er tilstrekkeleg i samanheng med å kunne argumentere for bestemte påverknadsretningar mellom variablar. I min studie vil dette vere særleg relevant i samband med dei kroppsspesifikke variablane og til dømes trivsel. Her kan det vere utfordrande å fastslå kva som kjem før noko anna i tid, då variablane kan påverke kvarandre gjensidig. I så måte ville mogleg longitudinelle eller eksperimentelle studiar vore meir hensiktsmessige, noko som også mogleg kunne auka sannsynet for å avklare kausale påverknadar. Slike studiar er dog svært ressurs- og tidkrevjande og difor ikkje aktuelt for dette prosjektet (Nardi, 2018; Skog, 2004). Til tross for tverrdesignets sårbarheit ovanfor testing av årsakssamanhangar vil det likevel kunne gi ein «snapshot» av den gitte populasjonen på tidspunktet data vart samla inn, samt leggje til rette for nokre betydningsfulle diskusjonar.

7.2 Datainnsamling

Som følgje av eit felles forskingsområde, vart innsamling av data gjennomført i samarbeida med ein medstudent. Til tross for at forskingsprosjekta har ulik vinkling og mål, var vi begge interessert i mykje av det same datamaterialet. Samarbeidet vart etablert hjå pilotprosjektet for våre studiar, og vidareført hjå dette prosjektet.

Hjå innsamling av data vart det nytta eit elektroniske spørjeskjema (vedlegg 1), utarbeida i den nettbaserte plattforma *nettskjema*. Spørjeskjema er eit ressurs- og tidseffektivt reiskap når ein skal samle inn data frå ei større mengde respondentar (Eynon et al., 2008; Nardi, 2018). Sjølv om spørjeskjemaet vart utarbeida med hensikt om å bevare respondentanes anonymitet, vart det sendt førespurnad til *Norsk senter for forskningsdata* (NSD). Her fekk vi bekrefta at spørjeskjemaet ikkje var meldepliktig, noko som gav oss klarsignal for innsamling av data. Følgande vart det sendt ut førespurnad om deltaking til rektorar, fagansvarlege for kroppsøving, og lærarar hjå tre ulike skular i Trøndelag. Førespurnaden vart sendt via e-post der det vart gitt grunnleggande informasjon om prosjekta. I tillegg vart det vedlagt ein link og ein QR-kode som gav tilgang til spørjeskjemaet. Informasjonsskrivet vert presentert som ei innleiing i spørjeskjemaet.

Tre av skulane gav positive svar og desse fekk tilbod om at forskingsansvarlege kunne møte fysisk for å informere både elevar og lærarar om prosjektet, samt å vere tilgjengeleg med omsyn til det praktiske i samband med gjennomføringa. Det vart også gitt sterke anbefalingar

om at undersøkinga fant stad i klasserommet med omsyn til å auke svarprosenten. Til tross for dette vart det, i samråd med skulane, bestemt at lærarar sjølv stod for distribuering av spørjeskjema. I kva grad gjennomføringa av datainnsamlinga kan ha påverka dataas kvalitet og etiske betraktingar vert diskutert i delkapittel 7.6.

7.3 Utval

Forskingsspørsmålet la føringar for eit par kriterier som observasjonseiningane måtte innfri. For det fyrste måtte respondentane som vart inkludert i utvalet ha kroppsøving som fag hjå studieløpet sitt. I tillegg vart det gjort ei slutning på å innhentast data frå vidaregåandeelevar. Dette vart i fyrste omgang sett på som ein måte å avgrense studiens forskingsområde. Samstundes kan det tenkast at vidaregåandeelevar, i større grad enn ungdomsskuleelevar, er i betre stand til å reflektere over tematikken, noko som kan auke svaras pålitelegheit.

Med bakgrunn i kriteria vil det vere ei talrik mengde kandidatar i Noreg som er aktuelle for denne studien. Ei tilfeldig utveljing av respondentar frå populasjonen, der alle i populasjonen har lik moglegheit for deltaking, ville vore ideelt med tanke på moglegheit for å generaliserast funna til populasjonen for øvrig (Nardi, 2018). Av praktiske og økonomiske årsaker vart det anvendt ei ikkje-sannsynsutveljing og eit bekvemmelegheitsutval, der ein nyttar seg av dei nærmaste tilgjengelege relevante respondentane (Creswell & Creswell, 2018; Skog, 2004).

Etter avslutta datainnsamling var det til saman 244 respondentar som hadde delteke i studien. Utvalet består av 106 jenter og 138 gutar, der gutane utgjer ein større prosentandel (56.6%). Fordelinga mellom klassegruppene viser til at 10.2% (N=25) er VG3 elevar, 22.5% (N=55) er VG2 elevar og 67.2% (N=164) er VG1 elevar. I samanheng med studieprogram er det 42.6% (N=104) frå studiespesialiserande program, 25.4% (N=62) frå idrettsfag og 32% (N=78) frå yrkesfag. For ei meir detaljert beskriving av fordelinga innad i utvalet, sjå vedlegg 2.

7.4 Måleinstrument og variablar

Med utgangspunkt i dei delane av spørjeskjemaet som er relevante for denne studien, kan ein overordna dele spørjeskjemaet inn i tre delar (vedlegg 1). Den fyrste delen viser til innleiande bakgrunns-spørsmål, slik som respondentanes kjønn, klassegruppe, studieretning og aktivitetsvanar. Del to av spørjeskjemaet viser til ei rekke spørsmål henta frå det etablerte

måleinstrumentet SATAQ-4r, som fangar opp respondentanes internalisering av ulike kroppsideal, samt oppleving av kroppspress frå sosiokulturelle kjelder (Schaefer et al., 2017). Den siste seksjonen som har relevans for denne studien er del tre i spørjeskjemaet, som viser til spørsmål vedrørande elevanes forhold til kroppsøvingsfaget, inkludert deira erfaringar knytt til trivsel og deltaking.

Med bakgrunn i spørjeskjemaet vart det totalt utarbeida 12 variablar som er meint å representere dei teoretiske konsepta som skal undersøkjast. Seks variablar vart nytta i sin opprinnlege form, medan seks variablar vart konstruert som indeksar eller samansette mål. Dei samansette måla vart utarbeida på bakgrunn av teoretiske og omgrepssmessige omsyn, samt med rettleiing frå statistiske kvalitetsmål.

Før ein konstruerer samansette mål er det viktig å undersøkje i kva grad dei samla indikatorane er eindimensjonale og i kva grad dei representerer eit felles fenomen (Ringdal & Wiborg, 2017; Skog, 2004). Dette vart undersøkt gjennom korrelasjonsanalyse, samt ved hjelp av faktoranalysa *Principle Component Factoring* (PCF) som undersøkjer i kva grad indikatorane ladar på same faktor (Mehmetoglu et al., 2022). I samanheng med faktoranalysa vart Kaiser-Meyer-Olkins-kriteriet (KMO) nytta for å undersøkje i kva grad variablane egnar seg på faktoranalyse. Denne testen måler samvariasjonane mellom variablane i datasettet i forhold til antal observasjonar, og undersøkjer i kva grad det føreligg ein felles varians (Ringdal & Wiborg, 2013). KMO-verdien varierer frå 0 til 1, og verdiar over 0.5 indikerer at korrelasjonane mellom indikatorane egnar seg for faktoranalyse (Christophersen, 2013).

Ved å undersøke indeksanes interne konsistens og reliabilitet får ein et bilet på i kva grad indikatorane oppfører seg på same måte, og om dei har ein felles underliggende konstruksjon (Ringdal & Wiborg, 2017). Reliabiliteten vart målt gjennom Chronbach's Alpha (α), som reknast på grunnlag av gjennomsnittleg indikatorkorrelasjonar. Potensiell verdi strekker seg frå 0 til 1, der ein koeffisient over 0.7 vert betrakta som tilfredsstillande (Mehmetoglu et al., 2022; Muijs, 2011). I følgande delkapittel vil det bli gjort reie for måleinstrumenta som er nytta, samt nøkkeltal for dei endelege variablar.

7.4.1 Deltaking i kroppsøving

Formålet med oppgåva er å undersøkje i kva grad variasjonar i vidaregåandeelevars kroppsideal, oppleving av kroppspress, samt kroppsspesifikke forhold i kroppsøvingsfaget har betydning for deltakinga i kroppsøvingsfaget. Det vart reflekter over korleis ein på best mogleg

måte kan måle elevanes deltaking, då omgrepet deltaking kan tolkast ulikt. Til dømes kan enkelte elevar oppfatte det å vere til stade under kroppsøvingstimane som ein form for deltaking, sjølv om dei i mindre grad baserer dette på engasjement og fysisk aktivitet i timane. Med bakgrunn i dette vart det teke ei avgjersle på å fange opp elevanes subjektive oppleving av eige aktivitetsnivå, ved hjelp av spørsmålet «*Hvordan vil du beskrive deg selv i kroppsøvingstimene?*». Spørsmålet hadde ein likert-skala frå 1 (Aldri aktiv) til 5 (Svært aktiv). Variabelen visast i analysa under namnet *deltaking*.

7.4.2 Trivsel i kroppsøving

Som tidlegare vist, spelar trivsel potensielt ei betydningsfull rolle for i kva grad elevane vel å engasjere seg og delta aktivt i kroppsøvingstimane (Lagestad, 2017; Skaalvik & Bong, 2003). I tråd med studiens formål, som blant anna omhandla betydinga av kroppsspesifikke forhold på elevars deltaking i faget, vart trivsel inkludert som ein variabel i analysa. Variabelen representerer data frå påstanden «*Jeg trives i kroppsøving*» og er henta frå del 3 i spørjeskjemaet. Svarkategoriene presenterast på ein likert-skala frå 1 (heilt ueinig) – 5 (heilt einig). Variabelen visast i analysa under namnet *trivsel*.

7.4.3 Sociocultural Attitudes Towards Appearance-Questionnaire-4-Revised (SATAQ-4R)

Med hensikt å fange opp elevanes kroppsideal og oppleving av kroppspress, vart det etablerte måleinstrumentet SATAQ-4R nytta i denne studien. Dette måleinstrumentet er den nyaste versjonen av det originale instrumentet (SATAQ) som vart designa av Heinberg et al. (1995). SATAQ-4R er meint å måle kva sosiokulturelle innflytelsar som kan påverke kroppsbygninga, gjennom å undersøke internalisering av utsjånadsideal og utsjånadspress. Instrumentet egnar seg også i samband med forsking som nyttar teoretiske modellar innan konteksten, som til dømes *Tripartite Influence Model* (Schaefer et al., 2017), og instrumentet vart difor sett som formålstenleg for denne studien.

Instrumentet består av 28 påstandar for menn og 31 for kvinner, der felles for desse er at ein rangerer svara sine på ein fem-punkts likert-skala frå 1 (heilt ueinig) til 5 (heilt einig). Den reviderte versjonen, som bidrog til å auke presiseringa av instrumentet, vart testa på tre forskjellige utval, og indikerer ein 7-faktor skala for både den mannlige og den kvinnelege versjonen av instrumentet. Dei sju skalaane er internalisering av (1) tynt ideal, (2) muskuløst ideal, og (3) generell attraktivitet, samt press frå (4) familiemedlemmer, (5) jamaldrande, (6)

media, og (7) betydningsfulle andre. Til tross for ein anbefalt sju-faktorløysing hjå versjonane for begge kjønn, viser Schaefer et al. (2017) også belegg for både ei 6-faktor og ei sju-faktor løysing av jentenes versjon.

Testing av instrumentet hjå denne studien viste fleire tilfelle av kryssladningar, som vil sei at ein indikator ladar sterkt på fleire faktorar (Mehmetoglu et al., 2022; Ringdal & Wiborg, 2017). Ved nærmere undersøkingar viste både jentenes og gutanes versjon belegg for ei 6-faktor løysing, der blant anna press frå jamaldrande og press frå andre lada på same faktor. Då teorien viser til at betydningsfulle andre, som til dømes lærarar og trenrarar, refererer til ei anna gruppe enn jamaldrande, kan ein forsvare ei løysing der ein beheld måla åtskilt. Motsett kan ein diskutere i kva grad elevane hjå utvalet tolkar jamaldrande og signifikante andre som to separate grupper. På bakgrunn av studiens faktoranalyse, den tidlegare validerte seksfaktorløysinga for instrumentet, samt *Tripartite Influence Model* si identifisering av tre primære presskjelder, blei det teke ein avgjersle om å slå saman press frå jamaldrande og press frå signifikante andre til eit samansett mål. Ein detaljert oversikt over resultat frå dei statistiske testane ligg hjå vedlegg 3. Variablane visast i analysa under namna *tynt ideal, muskuløst ideal, attraktivt ideal, press: familie, press: jamaldrande og press: media*.

Resultata frå dei statistiske testane viste utfordringar i samband med faktoranalysen hjå skalaane; internalisering av generell attraktivitet (jenter) og press familiemedlemmer (gutar). Skalaen for internalisering av generell attraktivitet (jenter) gav belegg for ei to-faktorløysing, noko som tyder på at éin eller fleire indikatorar lada på ulike faktorar. Dette er i utgangspunktet uheldig då skalaen er meint å måle ein underliggende dimensjon (Mehmetoglu et al., 2022). Nærare undersøkingar viste at éin av indikatorane tilhøyrande skalaen lada sterkare på ein ytterlegare faktor, og dette var indikatoren som representerte påstanden: «*Jeg tenker ikke mye på hvordan jeg ser ut*». Det kan vere ulike grunnar til at denne påstanden skapte problem. Til dømes lada den annleis enn dei øvrige påstandane, då formuleringa innehold «ikke». Dette kan ha medført at «negative» og «positive» verdiar hjå svarkategoriene vart forvirrande, og respondentane kan av den grunn ha tolka svarkategoriene ulikt. Det same problemet finn ein hjå analysen av skalaen som var meint å måle press frå familie (gutar), der påstanden «*familiemedlemmer oppmuntrer meg til å redusere mengden kroppsfeitt*» lada på ein annan faktor enn dei øvrige indikatorane. Ein årsak til dette kan mogleg vere relatert til at ordlyden i påstanden, i mindre grad opplevast som noko negativt. Til dømes kan «*oppmuntring*» opplevast som støtte, og i mindre grad som eit negativt press. Til tross for

desse utfordringane, vart det beslutta å inkludere indikatorane som anbefalt hjå Schaefer et al. (2017) på bakgrunn av at instrumentet er validert og testa hjå fleire utval.

Etter ei vurdering av resultata frå dei ulike statistiske testane vart dei tilsvarende skalaane for begge kjønn slått saman for å kunne gi eit overordna mål på dei ulike dimensjonane. Sjølv om påstandane i instrumentet er av ulikt antal for jentenes og gutanes versjon, utsyrkkjer dei tilsvarende fenomen.

7.4.4 Andre eksogene variablar

Teorien viser at misnøye med eigen utsjånad kan medverke til eit ubehag rundt kroppens eksponering i kroppsøvingsfaget, noko som kan påverke elevanes trivsel og motivasjon (Azzarito & Solmon, 2006; Ballı et al., 2014). Det kan også auke eins tilbøyelighet for sosial samanlikning, samt negative evalueringar av eigen kropp (Carmona et al., 2015; Kerner et al., 2018b). Vidare kan ein, i situasjonar der ein føle seg usikre, pressa eller ukomfortable, vere meir tilbøyelag for unnvikande eller kroppsskjulande åtferd (Hagen et al., 2014). Av den grunn er det inkludert tre variablar som relaterer til kroppsspesifikke forhold i kroppsøvingsfaget, for å undersøkje om desse har betyding for elevanes trivsel og deltaking.

Variablane er plukka frå del tre i spørjeskjemaet. Det vart forsøkt å nytte samansette mål, men med bakgrunn i ikkje-tilfredsstillande kvalitetsmål vart variablane inkludert som direkte observerte variablar. *Sosial samanlikning* tilsvara påstanden «*Jeg sammenligner kroppen min med mine medelever i kroppsøving*». *Usikker på kroppen* viser til påstanden «*Jeg er mer usikker på kroppen min i kroppsøving enn andre fag*». Den siste variabelen referer til *tryggleik i klassen*, og viser til påstanden «*Jeg er trygg på klassen og mine medelever i kroppsøvingsfaget*». Alle påstandane er besvart på ein fem-punkts likert-skala frå 1 (heilt ueinig) til 5 (heilt einig). I tillegg vart *kjønn* inkludert som ein kontrollvariabel i analysa. Denne vart omkoda til ein dikotom variabel der jenter er koda 1, og gutter er koda 0. Variablane visast i analysa under namna *sosial samanlikning*, *usikker på kroppen*, *tryggleik i klassen* og *kjønn*.

7.5 Analyse av data

Datamaterialet frå utvalet vart analysert ved hjelp av den statistiske programvara Stata versjon 17.0. Med hensikt å svare på studiens problemstilling vart dataanalysen ein tredelt prosess som viser til ein deskriptiv statistikk med variansanalyse, ei korrelasjonsanalyse, samt ei stianalyse. Med formål om å svare på studiens fyrste problemstilling (Q1) vart data fyrst

undersøkt gjennom deskriptiv statistikk (tabell 2, s.41). I denne samanheng vart elevane sittsnittlege svar på dei ulike måla, samanlikna med gjennomsnittet på svarskalet. Gjennomsnittet på svarskalet var 3, då denne romma svaralternativ 1-5. I tillegg vart kjønnsforskjellane undersøkt gjennom ein two-sample t-test, som undersøkjer om det er signifikant forskjell i gjennomsnittleg testresultat mellom gutter og jenter. På bakgrunn av standardavvikeiningar vart også effektstørrelsen (Cohen's d) berekna for å vurdere i kva grad skilnadane er statistisk signifikante.

Med bakgrunn i ynskje om å nærmere undersøkje Q1, samt å potensielt få nyttig innsikt i samband med Q2, vart det utarbeida ei korrelasjonsmatrise som har til hensikt å avdekkje samanhengar mellom variablane i studien. Matrisa kan på denne måten fremje ei betre forståing av kroppspress og internaliserte utsjånadsideal, men er også særleg relevant i samband med samanhengar tilknytt trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Då variablane kan tolkast som kontinuerlege er korrelasjonsmålet Pearson's r nytta. Med bakgrunn i studiens andre problemstilling (Q2) vart faktorar med direkte og indirekte betyding for deltaking i faget analysert gjennom ei sti-analyse, ein analyseteknikk innan Structural Equation Model (SEM). Dei teoretiske perspektiva, samt tidlegare forsking, ligg i stor grad til grunn for spesifisering av modellen, som har til hensikt å undersøkje og etterprøve studiens hypotesar.

7.5.1 Sti-analyse (SEM)

På bakgrunn av studiens formål om å undersøkje korleis fleire forhold har betyding for deltakinga i kroppsøvingsfaget, då også i samband med den medierande variabelen trivsel, vil sti-analyse kunne vere eit hensiktsmessig verktøy. Gjennom ein hierarkisk modell der variablane kan ha både direkte og indirekte effektar, kan sti-analyser estimere og teste størrelsen og betydinga av samanhengar mellom eksogene og endogene variablar (Christophersen, 2013; Kline, 2011). Sti-analyser kan ofte omtala som kausale modellar, der variablar vert oppstilt på bakgrunn av deira kausale rekkefølge, frå vestre til høgre. Dei kausale forbindelsane mellom variablane i modellen, vert beskrive ved hjelp av piler (Nayebi, 2020). Christophersen (2013) viser til at omgrepet «kausalanalyse» kan vere uheldig, då det hjå tverrsnittsdata kan vere ukorrekt å trekke kausale slutningar. I så fall bør konklusjonane vere forankra teoretisk eller på bakgrunn av tidlegare undersøkingar. Gjennom arbeid med teori og tidlegare forsking har undertegna imidlertid opparbeida seg ein teoretisk og fagleg forståing av

kva veg pilene i modellen bør peike. Vidare vil modellen også kunne gi ei inngående undersøking og nyttig innsikt i forholda mellom dei ulike variablane som er inkludert i studien.

Analysen inkluderer 10 eksogene variablar; 6-faktorløysing frå SATAQ-4r, sosial samanlikning i kroppsøving, usikker på kroppen i kroppsøving, tryggleik i klassen og kjønn. Vidare inkluderer analysa ein medierande endogen variabel (trivsel), samt ein utfallsvariabel (deltaking). Når ein skal undersøkje effektane mellom variablane i modellen er det vanleg å nytte standardiserte regresjonskoeffisientar, som viser til standardskårar (z-skår). Desse kjem til syne som betaverdi (β) og går frå -1 til 1. I følgje Muijs (2011) kan betaverdiane kategoriserast som svak effekt (<0.2), beskjeden effekt ($0.1-0.3$), moderat effekt ($0.3-0.5$) og sterkt effekt (>0.5). Dei direkte effektane viser til korleis dei eksogene variablane (x) og den medierande variabelen (m) påverkar utfallsvariabelen (y). Ved hjelp av den medierande variabelen kan ein også teste om dei eksogene variablane har indirekte effekt på utfallsvariabelen. Dei indirekte effektane finn ein ved å multiplisere koeffisientane langs stiane (Ringdal, 2013; Skog, 2004).

7.5.2 Modelltilpassing

Når ein skal evaluere modelltilpassing i strukturelle likningsmodellar (SEM) vil *overall goodness of fit* (GOF) kunne gi informasjon om kor godt modellen passar til data. Mehmetoglu et al. (2022) viser i denne samanheng til to omgrep: *predikert varians-kovariansmatrise* (Σ) som viser til analysens predikasjonar for kvar parameter i modellen og *utvalets varians-kovariansmatrise* (\mathbf{S}) som er den faktiske covariansmatrisa som er observert i datasettet. Når ein evaluerer modelltilpassing i SEM, samanliknar ein Σ og \mathbf{S} , og dersom avstanden mellom desse er liten indikerer dette at modellen passar godt til data (Mehmetoglu et al., 2022). Ved hjelp av maximum likelihood (ML) vil det bli estimert en modell som representerer de beste estimatet for å minske dette gapet, og ein ML lik 0 tyder på at modellen passer data perfekt. Det finnast fleire testar som undersøkjer modelltilpassinga, og dei fleste undersøkjer nettopp skilnaden mellom Σ og \mathbf{S} (Kline, 2011; Mehmetoglu et al., 2022). Hypotesemodellen vart testa, og ein detaljert oversikt over resultata ligg hjå vedlegg 4.

Fyrst i resultata vart kjikvadratet (χ^2) med 3 friheitsgrader presentert. Kjikvadratet gir informasjon om korleis modellen vi har utarbeida opptrer samanlikna med ein sokalla *saturated model* (SM), ein metta modell utan nokon friheitsgrader. Her leggast det til grunn ei nullhypotese som tilseier at analysemodellen er perfekt, eller med andre ord at

analysemodellen ikkje passar därlegare enn SM. Med dette som bakgrunn er difor ikkje-signifikante p-verdiar ($p>.05$) ynskeleg (Kline, 2011; Mehmetoglu et al., 2022). χ^2 var ikkje-signifikant med ein p-verdi på .15, noko som er eit tilfredsstillande resultat. Sjølv om denne testen er tilfredsstillande, anbefalast det at ein undersøkjer andre tilpassingsindeksar som er mindre sensitive for utvalsstørrelse (Muijs, 2011; Ringdal & Wiborg, 2017).

Standardized root mean squared residuals (SRMR) viser den gjennomsnittlege skilnaden mellom korrelasjonen i den predikerte modellen (Σ) og modellen frå utvalet (S) (Brown, 2015). SRMR verdiar går frå 0 til 1, der lågare verdiar indikerer ein betre modell. Wang og Wang (2019) viser her til SRMR $<.1$ som generelt akseptable verdiar. Ringdal og Wiborg (2017) meiner derimot at verdiane bør vere lågare enn $<.08$. Resultata frå analysemodellen viser ein SRMR verdi på .013, og er difor rekna som tilfredsstillande. I motsetning til kjikvadratet og SRMR, vil *root mean squared error of approximation* (RMSEA) i større grad ta høgde for modellens kompleksitet og utvalsstørrelse, der enklare modellar med færre parametrar vert belønna (Mehmetoglu et al., 2022). RMSEA måler modelltilpassing der høge RMSEA verdiar tyder på ei därleg tilpassing modellen i forhold til dataa (Kline, 2011; Mehmetoglu et al., 2022). Her vil verdiar over .10 indikerer ein därleg tilpassa modell (Browne & Cudeck, 1993). RMSEA resultata hjå analysemodellen viste akseptabel modelltilpassing (RMSEA = .057).

I samband med kjikvadratet vart analysemodellen vår samanlikna med ein metta modell utan friheitsgrader, noko som indikerer ein modell som passer data perfekt. I motsetning til dette måler både *comparative fit index* (CFI) og *Tucker-Lewis index* (TLI) analysemodellen opp mot ein null-modell, også kalla *baseline model*. Det vil sei ein modell som antar at der ikkje finnast noko kovarians eller korrelasjon mellom indikatorane i modellen, og som difor gir därlegast tilpassing (Mehmetoglu et al., 2022). Både CFI- og TLI-verdiane varierer frå 0 til 1. Slik Acock (2012) viser til vil CFI-, og TLI verdiar over .90 indikere at modellen er akseptabel. Andre viser til at verdiar over .95 som tilfredsstillande (Muijs, 2011). Resultata hjå analysemodellen viste akseptable resultat hjå både CFI (.99) og TLI (.91), noko som difor indikerer god passform.

Til slutt vil *coefficient of determination* (CD) vere eit oppsummerande og samla mål på modellens tilpassing til data. Denne går frå 0 til 1, og kan hjelpe til med å forklare kor mange prosent av variasjonen i utfallsvariabelen som forklarast av dei andre variablane i modellen. CD viste her ein verdi på .42. Verdar som nærmar seg 1 er ynskeleg (Mehmetoglu et al., 2022).

Med utgangspunkt i hypotesemodellen var modelltilpassinga tilfredsstillande. Det vart likevel gjort testar for å undersøkje i kva grad potensielle endringar forbetra modellen. Fyrst vart det tatt stilling til om dei ikkje-signifikante ($p>0.05$) stiane skulle fjernast eller behaldast. Det var fleire stiar frå dei eksogene til den medierande variabelen som viste ikkje-signifikante verdiar deriblant tynt og attraktivt ideal, press frå familie, sosial samanlikning og kjønn. Det vart også funne ikkje-signifikante stiar mellom dei eksogene uavhengige variablane tynt og attraktivt ideal og kjønn til utfallsvariabelen deltaking. Basert på testens resultat vart modelltilpassinga betre på enkelte områder, men problematisk i samband med CFI og TLI ($\chi^2 = 10.337$ [df=11], $p>.50$; SRMR = .018; RMSEA = .00; CFI = 1.00; TLI = 1.01; CD = .41). CFI verdien kan ikkje overstige 1, då denne baserer seg på ein komparativ tilnærming, noko som vil sei at den samanliknar modellen med ein nullmodell. Av den grunn er det ikkje mogleg å få ein CFI verdi over 1, då den ikkje kan bli betre enn «perfekt» tilpassa. TLI verdien er ikkje-komparativ og kan difor overstige 1, men det er ein generell oppfatning om at verdiar over 1 er uheldig, då dette kan indikerer at det er feil i estimeringa eller rapporteringa av data, og at modellen mogleg er overtilpassa (Hox, 2010; Kline, 2011). Å utelukke stiane var heller ikkje i tråd med hypotesane eller teori, og dei vart difor behaldne. I samband med modelltilpassing vart det også undersøkt i kva grad dataprogrammet foreslo ytterlegare tilpassingar gjennom *modification indices*. Her vart det foreslått å leggje til ein sti mellom press frå familie og utfallsvariabelen deltaking. For det fyrste resulterte denne endringa i ein overestimert modell. I tillegg er det med bakgrunn i teorien teke ei beslutning om å ikkje inkludere direkte stiar mellom pressfaktorane og deltakinga i kroppsøving. Hjå teorien blir kroppspress i større grad vist til som ein formidlar av ulike ideal. Vidare er det truleg fyrst når ein aksepterer desse ideala som relevante for ein sjølv at desse kan medføre negative utfall eller konsekvensar (Tiggemann, 2012). Kline (2011) presiserer også at å gjere endringar hjå ein modell ikkje skal vere utelukkande drive av å få ein god modelltilpassing. Ein bør difor ikkje legge til eller fjerne relasjonar som gjer at modellen ikkje lenger samsvarar med, og kan forsvarast teoretisk og empirisk. Med bakgrunn i oppgåvas hypotesar, samt at modellen i utgangspunktet gav nokså gode resultat, vart relasjonane mellom variablane behaldne. Den endelege analysemodellen vert presentert hjå figur 4, s. 45.

7.6 Datas kvalitet – validitet, reliabilitet og generaliserbarheit

Validitet og reliabilitet er to sentrale omgrep innan forsking og vitskap som omhandlar å sikre at datainnsamlinga og analysen er påliteleg og gir gyldige resultat (Nardi, 2018; Skog, 2004). Validitet refererer til studiens gyldigheit og i kva grad ein måler det ein er meint å måle. Meir konkret kan ein vurdere validitet med bakgrunn i om ein har lykkast i å operasjonalisere det ein ynskjer å få svar på, på ein adekvat og påliteleg måte (Skog, 2004). Å nytte spørjeskjema hjå innsamling av data kan potensielt påverke studiens validitet på fleire måtar. Spørjeskjemaet hjå studien byggjer på det same spørjeskjemaet som vart nytta i pilotundersøkinga hausten 2022, noko som gav oss moglegheit til å evaluere og justere innhaldet ut frå tilbakemeldingar og resultat. Spørjeskjemaet vart også testa på eit mindre utval i forkant, for å identifisere misforståingar eller uklarheiter. I denne samanheng vart det reflektert ein del over spørsmålsformuleringar, og i kva grad desse var forståelege og tilpassa målgruppa. Til tross for dette er det likevel mogleg at det har oppstått systematiske målefeil som vidare kan undergrave dataas validiteten (Skog, 2004). Det er til dømes mogleg at ordlyden på enkelte spørsmål har påverka respondentanes svar. I tillegg kan uheldige svar kome at av respondentane har trykkjer tilfeldig for å bli raskt ferdig, eller ikkje svarer ærleg. Dette er også spesielt relevant i samband med at temaet for undersøkinga, som mogleg kan opplevast som sårt for enkelte. Dette kan medført til at respondentane overrapporterar eller underrapporterar, til tross for at undersøkinga var anonym. Eit av tiltaka som vart gjort i denne samanheng var å berre inkludere lukka spørsmål, samt å gjere alle spørsmåla obligatoriske. Det vart også gitt beskjed om at forskingsansvarlege kunne stille opp ved gjennomføring for å avklare eventuelle spørsmål eller uklarheiter. Då det ikkje vist ynskje om dette frå kontaktpersonane, vart undersøkinga gjennomført utan vårt tilsyn, noko som kan ha medverke til lågare validitet. Samstundes gjorde dette at vi på ingen måte kunne påverke respondentanes svar, noko som kan ha styrka dataas reliabilitet.

Det er mogleg ulike føresetnadalar for validiteten i samanheng med måleinstrumenta som er nytta hjå denne studien. I samband med innhaldsvaliditet vil ein kunne diskutere i kva grad måla fangar opp kompleksiteten hjå dei ulike konsepta ein er interessert i (Muijs, 2011). I denne samanhengen kan samansette mål fange opp fleire sider hjå omgrepet, enn mål som målast med berre éin enkelt indikator (Ringdal, 2013). Det er fleire mål i studien som består av ein enkelt indikator, då til dømes den avhengige og den medierande variabelen. Som det er nemnd tidlegare var det utfordrande å finne eit dekkjande mål på elevanes deltaking i

kroppsøvingsfaget og det vart difor teke eit val om å be elevane oppgi kor aktive dei var i timen. Dette er ein subjektiv registrering av aktivitetsnivået, og det er mogleg at elevanes svar ikkje gir det korrekte biletet av deira aktivitetsnivå. I denne samanheng har det også vore reflektert ein del over omgrepet *trivsel*, og det faktum at dette er eit abstrakt og komplekst omgrep. Til dømes viser fleire artiklar at trivsel i kroppsøvingsfaget kan vere forma av fleire faktorar som til dømes læraren, eins interaksjon med andre, aktivitetsval og meistring (Lagestad, 2017; Smith & St Pierre, 2009). Dette kan bety at elevane opplev ulik trivsel hjå ulike tidspunkt, samt i ulike settingar, noko som vil vere vanskeleg å fange opp med ein enkelt indikator. I tillegg kan elevanes svar vere forma av tidspunktet undersøkinga er gjennomført. Dette kan difor ha svekka studiens innhaldsvaliditet, noko som mogleg kunne vorte betra ved hjelp av samansette mål som fangar opp fenomenets kompleksitet. Eit døme på eit slikt samansett mål er SATAQ-4r som også er inkludert i studien. Dette er eit standardisert måleinstrument som har vorte testa og validert ved gjentekne målingar, noko difor kan auke dataas validitet.

I forlenging av dette kan også måleinstrumenta påverke studiens reliabilitet. Reliabilitet refererer til instrumentas pålitelegheit og konsistens, og om ein vil få same resultat over tid og hjå ulike situasjonar (Nardi, 2018; Skog, 2004). At samtlige samansette mål er henta frå tidlegare studiar kan difor fremje måleinstrumentas reliabilitet. I tråd med anbefalingar hjå Schaefer et al. (2017) vart måleinstrumentets reliabilitet også testa hjå denne studien gjennom Cronbach's Alpha som viste ein god intern konsistens.

Generaliserbarheit omhandlar i kva grad ein kan anta at eins funn gjelder for populasjonen for øvrig (Skog, 2004). Sidan denne oppgåva tek utgangspunkt i eit tverrsnittdesign, og eit ikkje-sannsynsutval, vil funna i utgangspunktet berre kunne fortelje noko om det utvalet forskinga er utført på. Likevel består utvalet av elevar frå alle trinn hjå vidaregåande, og det er ei jamn fordeling blant kjønn. Data er også samla inn frå fleire skular, noko som kan auke generaliserbarheita. Det er likevel vanskeleg å sei noko bestemt om dette, og funna frå forskinga vil difor mogleg, og mogleg ikkje, eksistere i populasjonen for øvrig (Muijs, 2011). I samband med studiens val av analyse, kan ein også vise til Skog (2004) som poengterer at ein alltid skal vere varsam med å anta årsaksrelasjonar. Ein må blant anna vere open for at informasjonen ein har samla inn ikkje nødvendigvis er tilstrekkeleg, dersom ein skal argumentere for bestemte påverknadsretningar mellom variablar. I min studie vil dette vere særleg relevant i samband med dei kroppsspesifikke variablane og til dømes trivsel, der det mogleg kan vere ein gjensidig påverknad som viser til at den eine ikkje nødvendigvis kjem

før den andre i tid. Til tross for dette kan studien likevel bidra til inspirasjon for framtidig forsking, samt vise kva elevgruppa hjå utvalet for denne studien opplever eller erfarer.

8 Resultat

Resultatkapittelet presenterer funna frå dataanalysen. Innleiingsvis vert det vist til deskriptiv statistikk, samt resultata frå t-testen og korrelasjonsmatrisa. Desse analysane har til hensikt å svare på i kva grad vidaregåandeelevar opplev kroppspress og internalisering av ulike utsjånadsideal (Q1). I tillegg vil desse gi eit bilet på elevanes erfaringar med kroppsøvingsfaget. Til slutt vil studiens andre problemstilling (Q2) blir undersøkt ved hjelp av ei sti-analyse som viser i kva grad det finnast indirekte og direkte samanhengar mellom kroppsspesifikke forhold og deltaking i kroppsøvingsfaget.

8.1 Deskriptiv statistikk og korrelasjon mellom variablar

Tabell 2 (s. 41) viser deskriptiv statistikk for dei inkluderte variablane i studien. Tabellen omfattar observert rekkevidde, gjennomsnittsverdi, standardavvik, samt kjønnsforskjellar. Kjønnsforskjellane frå t-testen gir informasjon om gjennomsnitt og standardavvik knytt til dei ulike variablane. På bakgrunn av standardavvikene vert også effektstørrelsen (Cohen's d) berekna. Effektstørrelsen hjelper ein å vurdere om skilnadane mellom regresjonskoeffisientane er store nok til å kunne betraktast som praktisk nyttige, og difor om skilnadane er statistisk signifikante. Effektstørrelsen tolkast som liten (0-0.2), beskjeden (.21-.50), moderat (.51-1.0) og stor (>.1) (Cohen et al., 2018).

Tabell 2. Deskriptiv statistikk for studiens variablar.

| Variablar | N | Min-maks | Mean (SD) | Mean (SD) | |
|------------------------------------------|-----|----------|------------|------------|------------|
| | | | | Jenter | Gutar |
| (1) Deltaking* | 244 | 1-5 | 3.97(.93) | 3.75(.88) | 4.14(.93) |
| (2) Trivsel* | 244 | 1-5 | 3.92(1.16) | 3.60(1.19) | 4.16(1.06) |
| (3) Internalisering: tynt ideal* | 244 | 1-5 | 2.35(1.19) | 2.96(1.21) | 1.88(.95) |
| (4) Internalisering: muskuløst ideal* | 244 | 1-5 | 2.99(1.12) | 2.65(.97) | 3.26(1.16) |
| (5) Internalisering: attraktivt ideal* | 244 | 1-5 | 3.69(1.0) | 3.96(.78) | 3.48(1.09) |
| (6) Press: familie* | 244 | 1-5 | 1.99(.88) | 2.14(1.04) | 1.88(.71) |
| (7) Press: jamaldrande | 244 | 1-5 | 2.02(.98) | 1.99(.99) | 2.04(.96) |
| (8) Press: media* | 244 | 1-5 | 2.40(1.33) | 2.99(1.41) | 1.95(1.05) |
| (9) Sosial samanlikning* | 244 | 1-5 | 2.42(1.38) | 2.77(1.46) | 2.15(1.25) |
| (10) Usikker på kroppen (i kroppsøving)* | 244 | 1-5 | 2.25(1.35) | 2.69(1.46) | 1.91(1.16) |
| (11) Tryggleik i klassen* | 244 | 1-5 | 3.64(1.27) | 3.30(1.26) | 3.89(1.22) |

Variansanalyse med signifikansnivå $p<.05$. Statistisk signifikante kjønnsskjellar er merka * bak variabelnamn.

N=244.

8.1.1 Gjennomsnittsskår og kjønnsskilnadar

I samband med studiens første problemstilling, vil det her bli gjort reie for i kva grad elevane opplev kroppspress og internalisering av ulike utsjånadsideal. For nærmere beskriving av framgangsmåte sjå kap. 7.5.

Resultata viser at elevane samla sett skårar nokså høgt på internalisering av eit attraktivt ideal (3.69), medan gjennomsnittet hjå muskuløst og tynt ideal i større grad sentrerer seg rundt det midtarste svaralternativet. Gutane skårar høgare enn jentene på muskuløst ideal der kjønnsskilnaden er moderat (.56, $p<.01$). Jentene skårar derimot høgare enn gutane hjå både tynt og attraktivt ideal. Kjønnsskjellane er beskjeden til moderat hjå attraktivt ideal (.50, $p<.01$), men svært store hjå tynt ideal (1.01, $p<.01$). I samband med kroppspress er gjennomsnittsverdien for utvalet under det midtarste svaralternativet hjå alle pressfaktorane. Jentene skårar høgare på press frå familie og media, der kjønnsskjellane er henholdsvis beskjeden (.29, $p<.05$) og moderate (.86, $p<.01$). Kjønnsskilnadar hjå press frå jamaldrande er ikkje signifikant ($p>.05$).

I tillegg kan det vere verdt å kommentere elevane erfaringar med kroppsøvingsfaget, der resultata viser at elevane skårar nokså høgt på både deltaking, trivsel og tryggleik i klassen. Gutane registrerer gjennomsnittleg høgare verdi hjå alle variablane, men kjønnsforskjellane henholdsvis er beskjedne (.43, .49, .47, $p<.01$). I samband med sosial samanlikning og usikker på eigen kropp i faget skårar elevane litt under gjennomsnittsverdien på skalaen, og jentene skårar generelt høgare enn gutane med ein beskjeden til moderat effektstørrelse (.46, .61, $p<.01$).

8.1.2 Samanheng mellom ulike variablar

Problemstillinga (Q1) viser til i kva grad elevane opplev kroppspress og internalisering av ulike utsjänadsideal. For å undersøkje dette nærmare kan ein, gjennom korrelasjonsmatrisa (tabell 3, s. 43), studere i kva grad kroppspress og kroppsideal har samanhengar med andre relevante variablane. På denne måten kan ein undersøkje om elevar som skårar høgt på kroppspress og kroppsideal samsvarar med ei spesifikk elevgruppe med andre eigenskapar. Sjølv om matrisa ikkje kan gi informasjon om direkte eller indirekte effektar, kan den gi informasjon om samanhengane mellom kva enkelt variabel i relasjon til trivsel og deltaking i faget. På denne måten kan matrisa gi innsikt som er nyttig i samanheng med studiens andre problemstilling (Q2) som omhandlar kva betydinga kroppspress, internaliserte kroppsideal, tryggleik i klassen og kroppsspesifikke forhald har for trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Pearsons r gir standardiserte korrelasjonskoeffisientar som ligg mellom -1 og 1, og uttrykkjer styrken på samanhengen mellom variablane. Desto nærmare korrelasjonskoeffisienten er -1 eller 1, desto sterkare er relasjonen mellom variablane. Christophersen (2013) indikerer følgande kategorisering i samband med samanhenganes styrke: 0 -.40 (svak), .40-.60 (middels) og .60-1.00 (sterk). Dei negative verdiane vil vere tilsvarande. Korrelasjonar med signifikante verdiar ($p<0.05$) vert framheva følgande.

Tabell 3: Parvis korrelasjonsmatrise

| Variablar | (1) | (2) | (3) | (4) | (5) | (6) | (7) | (8) | (9) | (10) | (11) |
|--------------------------|--------|--------|--------|-------|--------|-------|--------|--------|--------|--------|------|
| (1) Deltaking | 1.00 | | | | | | | | | | |
| (2) Trivsel | .50** | 1.00 | | | | | | | | | |
| (3) Tynt ideal | -.15* | -.16* | 1.00 | | | | | | | | |
| (4) Muskuløst ideal | .25** | .17* | .07 | 1.00 | | | | | | | |
| (5) Attraktivt ideal | -.01 | -.14* | .35** | .21** | 1.00 | | | | | | |
| (6) Press: familie | -.15* | -.11 | .32** | .09 | .18** | 1.00 | | | | | |
| (7) Press: jamaldrande | -.07 | -.06 | .38** | .30** | .28** | .61** | 1.00 | | | | |
| (8) Press: media | -.13* | -.25** | .61** | .15* | .42** | .43** | .67** | 1.00 | | | |
| (9) Sosial samanlikning | -.05 | -.19** | .42** | .13* | .39** | .37** | .48** | .63** | 1.00 | | |
| (10) Usikker på kroppen | -.27** | -.32** | .45** | .02 | .32** | .27** | .40** | .59** | .56** | 1.00 | |
| (11) Tryggleik i klassen | .41** | .50** | -.27** | -.02 | -.21** | -.15* | -.23** | -.28** | -.25** | -.34** | 1.00 |

Pearsons r med standardiserte korrelasjonskoeffisientar. * = $p < .05$, ** = $p < .01$. N=244.


Deltaking i kroppsøvingsfaget har positive signifikante samanhengar med trivsel, muskuløst ideal, samt tryggleik i klassen. Her er samanhengen svak for muskuløst ideal, og middels for trivsel og tryggleik i klassen. Sjølv om samanhengane ikkje er sterke indikerer dette at høge verdiar på trivsel, muskuløst ideal og tryggleik til klassen samsvarar med høg deltaking i kroppsøvingsfaget. Deltaking har derimot svake negative samanhengar med tynt ideal, press frå familie, press frå media og usikkerheit rundt eigen kropp i kroppsøving. Trivsel viser negative signifikante samanhengar med tynt ideal, attraktivt ideal og press frå media, sosial samanlikning og usikkerheit rundt eigen kropp, men positive samanhengar med muskuløst ideal og tryggleik i klassen. Her er det berre samanhengen til tryggleik i klassen som når opp på middels styrke.

Videre ser vi at tynt ideal korrelerer positivt med attraktivt ideal, press frå familie, jamaldrande og media, samt sosial samanlikning og usikkerheit rundt eigen kropp i faget. Det er derimot ein negativ korrelasjon mellom tynt ideal og tryggleik i klassen. Alle dei signifikante samanhengane er av svak styrke bortsett frå pressmedia, som viser ein sterk samanheng. Muskuløst ideal korrelerer svakt positivt med attraktivt ideal, samt press frå jamaldrande, media og sosial samanlikning. Attraktivt ideal korrelerer svakt positiv med alle pressfaktorane, samt sosial samanlikning og usikker på kroppen. Derimot er det ein svak negativ korrelasjon til tryggleik i klassen.

I samband med presskjeldene korrelerer press frå familie sterkt positivt med press frå jamaldrande, samt svakt til middels positivt med press frå media, sosial samanlikning og usikker på kroppen. Her er det derimot ein svak negativ korrelasjon til tryggleik i klassen. Press frå jamaldrande korrelerer sterkt positivt med press frå media, middels positivt med sosial samanlikning og usikker på kroppen, samt svakt negativt med tryggleik i klassen. Press frå media korrelerer positivt med sosial samanlikning og usikkerheit rundt eigen kropp, der styrkane er henholdsvis sterke og middels. Vidare er det ein svak negativt korrelasjon til tryggleik i klassen. Til slutt finn ein positiv korrelasjon med middels styrke mellom sosial samanlikning og usikkerheit rundt eigen kropp, der begge desse korrelerer svakt negativt med tryggleik i klassen.

8.2 Sti-analyse med direkte og indirekte samanhengar

Med hensikt å svare på studiens andre problemstilling (Q2), som undersøkjer kva betyding kroppspress, internaliserte utsjånadsideal og kroppsspesifikke forhold i kroppsøving har for trivsel og deltaking i faget, vil resultata frå sti-analyse presenterast nedanfor. Etter testing og modifisering av modellen vart den endelege analysemodellen tilsvarande lik hypotesemodellen, då denne viste akseptable tilpassingar ($\chi^2 = 5.390$ [df=3], $p>.05$; SRMR = .013; RMSEA = .057; CFI = .987; TLI = .911). Alle effektane i modellen vart estimert ved standardiserte beta-koeffisientar (β) som tolkast utifrå svak effekt ($\beta < .09$), moderat effekt (β mellom .1 og .2) og sterkt effekt ($\beta > .2$) (Mehmetoglu et al., 2022). Den endelege modellen viste at dei endogene faktorane forklarte 34 prosent ($R^2 = .335$) av variasjonen hjå trivsel. Vidare vart 35 prosent ($R^2 = .348$) av variasjonen hjå deltakinga forklart av dei aktuelle endogene og den medierande variabelen. Resultata frå sti-analysa er framstilt i figur 4, s. 45.



Figur 4. Sti-analyse (SEM) med standardiserte betakoeffisientar. * $p<.05$, ** $p<.01$. Heiltrekt utevra linje (—) indikerer statistisk signifikante samanhengar, stripla linje (---) indikerer ikkje-statistisk signifikante samanhengar. N = 244.

8.2.1 Faktorar med direkte samanheng med deltaking i kroppsøving

Når det gjelder faktorar med direkte samanheng med deltaking i kroppsøving, viser resultata frå sti-analysen at trivsel i kroppsøving har ein sterk positiv, statistisk signifikant, samanheng med deltaking i kroppsøvingsfaget ($\beta=.34$, $p<.01$, H1 støtta). I samanheng med internalisering av ulike ideal og deira samanheng til deltaking i kroppsøving, vert det ikkje funne nokre statistisk signifikante samanhengar mellom verken tynt eller attraktivt ideal ($\beta= -.05$, $.07$, $p>.05$) noko som dermed ikkje gir støtte til H2 og H4. Det vart derimot funne ein moderat positiv signifikant samanheng mellom muskuløst ideal og deltaking i kroppsøvingsfaget ($\beta=.17$, $p<.01$, H3 støtta). Vidare er det ein moderat positiv samanheng mellom sosial samanlikning og deltaking ($\beta=.14$, $p<.05$, H5 forkasta), samt ein moderat negativ samanheng mellom usikker på kroppen og deltaking ($\beta= -.16$, $p<.05$, H6 støtta). Tryggleik i klassen har vidare ein sterk positiv statistisk signifikant samanheng med deltaking i kroppsøving ($\beta=.22$, $p<.01$, H7 støtta), medan

den ikkje vart funne nokon signifikante samanhengar mellom kjønn og deltaking ($\beta = -.01$, $p > .05$, H8 forkasta).

8.2.2 Faktorar med indirekte samanheng med deltaking i kroppsøving

Analysemodellen viste totalt fem statistisk signifikante indirekte effektar (tabell 4, s. 46). Internalisering av eit tynt og eit attraktivt ideal gav ingen signifikante indirekte effekt ($\beta = .03$, $-.01$, $p > .05$), og H9 og H11 vert difor ikkje støtta. Det vart derimot funne ein signifikant, og svak positiv, indirekte effekt av internalisering av eit muskuløst ideal på deltaking i kroppsøvingsfaget, mediert av trivsel ($\beta = .05$, $p < .05$, H10 støtta). Vidare viste resultata frå stianalysa ingen signifikante indirekte effektar mellom press frå familie og deltaking i kroppsøving ($\beta = -.03$, $p > .05$, H12 forkasta). Derimot vart det funne indirekte effektar mellom dei to resterande pressfaktorane. Press frå jamaldrande viste ein svak positiv indirekte effekt til deltakinga i kroppsøving, mediert av trivsel ($\beta = .07$, $p < .05$, H13 forkasta). Press frå media viste ein svak negativ indirekte effekt på deltakinga i kroppsøving, mediert av trivsel ($\beta = -.07$, $p < .05$, H14 støtta). Vidare er det ingen signifikante indirekte effektar mellom sosial samanlikning og deltaking i kroppsøvingsfaget ($\beta = .01$, $p > .05$, H15 forkasta). Usikker på kroppen i kroppsøving har derimot ein signifikant svak negativ indirekte effekt på deltakinga, mediert av trivsel ($\beta = -.05$, $p < .05$, H16 støtta). Til slutt vart det funne ein moderat positiv indirekte effekt mellom tryggleik i klassen og deltaking i kroppsøving, mediert av trivsel ($\beta = .16$, $p < .01$, H17 støtta). Det vart ikkje vist til nokre indirekte samanhengar mellom kjønn og deltaking i kroppsøvingsfaget ($\beta = .0$, $p > .05$, H18 forkasta).

Tabell 4: Oversikt over signifikante indirekte samanhengar, mediert av trivsel

| Eksogene variablar | Medierande variabel | Endogen variabel | Indirekte effekt |
|--------------------------|---------------------|---------------------------|--------------------|
| Muskuløst ideal | → Trivsel | → Deltaking i kroppsøving | .05 ($p < .05$) |
| Kroppspress: jamaldrande | → Trivsel | → Deltaking i kroppsøving | .07 ($p < .05$) |
| Kroppspress: media | → Trivsel | → Deltaking i kroppsøving | -.07 ($p < .05$) |
| Usikker på kroppen | → Trivsel | → Deltaking i kroppsøving | -.05 ($p < .05$) |
| Tryggleik i klassen | → Trivsel | → Deltaking i kroppsøving | .16 ($p < .01$) |

Dei indirekte effektane er oppgitt i standardiserte beta-koeffisientar (β). N=244.

9 Diskusjon

Følgjande diskusjonskapittel vil drøfte studiens funn i lys av tidlegare forsking og teoretiske perspektiv. Målet med denne studien siktar mot å besvare to problemstillingar, der det første forskingsspørsmålet omhandla i kva grad vidaregåande elevar opplev kroppspress og internalisering av ulike utsjânadsideal (Q1). Hensikta med Q1 er å danne eit bilet av i kva grad kroppspress og utsjânadsideal er eit utbreitt fenomen hjå elevane i utvalet. Studiens funn med relevans til problemstillinga vil difor vere innhaldet i diskusjonens første delkapittel. Som ei innleiing til siste delkapittel, blir det vist til elevanes erfaringar med kroppsøvingsfaget. Det siste delkapittelet vil deretter undersøkje om kroppspress, utsjânadsideal, sosial samanlikning, usikkerheit knytt til eigen kropp, og tryggleik til klassen har direkte eller indirekte effektar på deltaking i kroppsøvingsfaget, mediert av trivsel (Q2). Diskusjonen knytt til Q2 er i hovudsak utarbeida med bakgrunn signifikante funn frå sti-analysa, samt dei tilhøyrande hypotesane. I tillegg vil resultata frå korrelasjonsmatrisa bli inkludert og diskutert, med hensikt å kunne gi eit meir heilskapleg bilet på samanhengane. Det vil også bli lagt noko fokus på kjønnsskilnadar hjå diskusjonen tilhøyrande både Q1 og Q2, då dette bidrar til ei djupare innsikt i potensielle variasjonar blant elevane.

9.1 Kroppspress og internaliserte utsjânadsideal hjå vidaregåandeelevar

9.1.1 Kroppspress

Basert på studiens funn, som viste at elevane samla sett skåra under gjennomsnittet på alle dei ulike presskjeldene, kan det tenkast at elevane opplev relativt lite sosiokulturelt utsjânadspress. Resultata frå studien viser imidlertid til interessante variasjonar når det gjeld rapportering av press får dei ulike kjeldene.

Kroppspress frå familie

Slik Jones (2011) uttrykkjer spelar familien ei viktig dannande rolle då dei kan forme og fremje unges haldningar og verdiar. Faktisk viser tidlegare forsking til familien som den mest framståande faktoren for utvikling av eit negativt kroppsbilete (Ata et al., 2007). På bakgrunn av dette var det difor forventa at elevane hjå utvalet ville skåre nokså høgt på denne presskjelda. Imidlertid viste resultata det motsette. Av dei tre kjeldene til kroppspress, var familien den kjelda elevane rapporterer minst kroppspress frå (oversikt i tabell 2, s. 41).

Dette kan mogleg forklarast med bakgrunn i respondentanes alder. Slik teorien viser, spelar familien ei sentral rolle i den primære sosialiseringa av born og unge (Jones, 2011). Likevel representerer ungdomstida ei fase kvar ein stadig balanserer mellom sjølvstendigkeit og avhengigkeit i forhold til foreldre og andre autoritetar (Steinberg, 2008). Det er naturleg å tenkje at ein verte meir sjølvstendig og uavhengig desto eldre ein blir, og av den grunn er det sannsynleg at vidaregåande elevar er meir sjølvstendige enn ungdomsskuleelevar. I likskap med fleire andre studiar, inkluderte Ata et al. (2007) både ungdomsskule- og vidaregåande elevar i sitt utval, medan respondentane hjå denne studien kun består av vidaregåande elevar. Dette kan mogleg forklare kvifor resultatet skil seg ut frå tidlegare studiar, og ved å inkludere ungdomsskuleelevar kunne resultata potensielt vorte annleis.

Hjå forskingsfeltet er det ikkje avdekkja nokre tydelege kjønnsskilnadar når det gjelder familiens påverknad (Ata et al., 2007; Tiggemann, 2011; Tylka, 2011), og dette samsvarar i nokon grad med funna hjå denne studien. Sjølv om jentene opplev meir press enn gutane, er kjønnsskilnaden beskjeden. Til tross for begrensa dokumentasjon på kjønnsspesifikke skilnadar, har tidlegare forsking likevel identifisert korleis familiens åtferd og handlingar kan auke opplevinga av press både blant jenter og gutter. Til dømes viser Neumark-Sztainer et al. (2007) at jenter blir negativt påverka dersom familien er opptekne av matinntak og diettar, samt om dei opplev utsjånadsrelatert erting frå familiemedlemmar. Her kan ein minne om resultata frå korrelasjonsmatrisa som viste at eit tynt ideal, som jentene skåra høgast på, hadde ein signifikant moderat positiv samanheng med press frå familie.

Vidare har forskinga også sett at gutter kan utvikle ein oppfatning av kva som er attraktivt, dersom foreldre jamleg utset dei for mediebilete av muskuløse kroppar (Tylka, 2011). Sjølv om det ikkje vart funne nokre signifikante samanhengar mellom familiens påverknad og eit muskuløst ideal hjå korrelasjonsmatrisa, viste funna at høg grad av press frå familien samsvarar med høg grad av press frå media. I tillegg viser auka press frå media samanhengar med auka internalisering av eit muskuløst ideal. Det må likevel nemnast at det er vanskeleg å gi ein konkret vurdering av indirekte effektar eller årsaksamanhangar kun ved hjelp av ei bivariat korrelasjonsmatrise, grunna fråvær av kontroll for ytterlegare faktorar. Det vil også kunne vere uheldig å trekke bastante konklusjonar basert på kjønnsskilnadar i samband med variablane som måler ideal, då desse er samansett av både jenters og gutars svar.

Til tross for at elevane rapporterte om eit lågt kroppspress frå familie, kan resultata frå korrelasjonsmatrisa vere interessant i tilknyting til KÅM, som illustrerer korleis historiske faktorar kan ha betydning for kroppsbildets utvikling og funksjon (Cash, 2002). Gjennom påverknad i yngre alder kan familien fremje haldningar som unge tar med seg vidare i livet. Til dømes vil eins kroppsbildeevaluering og kroppsbildeinvestering vere styrt av historiske og proksimale hendingar som medfører at ein tenkjer, handlar og føler på bestemte måtar i forhold til eigen kropp (Cash, 2002). Døme på dette vert presentert hjå Rodgers og Chabrol (2009), som viser at press frå familien kan medføre utvikling av samanlikningstendensar og internalisering av ulike utsjånadsideal. Likeins viser korrelasjonsmatrisa at di meir press ein opplev frå familien, di høgare skårar ein også på samanlikningstendensar og usikkerheit knytt til eigen kropp i kroppsøvingsfaget. Ein skårar også høgare på internalisering av eit tynt og eit attraktivt ideal.

Desse funna kan tyde på at kroppspress frå familien, kan fremje utviklinga av ulike mentale strukturar. Slike føresetnadalar vil vidare kunne ha stor betydning for eins erfaringar med ulike kontekstar, og kanskje spesielt i samband med kroppsøvingsfaget som er ein arena med stor fare for personleg kroppsbedømming og sosial samanlikning. Dette vil bli diskutert nærmare hjå kapittel 9.3. Likevel illustrerer dette kompleksiteten som rådar i tilknyting til kroppspress og kroppsbilete.

Kroppspress frå jamaldrande

Elevane i utvalet viser til jamaldrande som den nest mest betydningsfulle kjelda til kroppspress, men elevane skåra likevel under svarskalaens gjennomsnitt. Med bakgrunn i teori og tidlegare forsking vart det forventa at denne presskjelda skulle ha større betydning for elevane i utvalet. Til dømes har teorien vist at ungdomsåra er ein kompleks og dynamisk fase i livslaupet, då det skjer ei rekke sosiale, psykologiske og fysiske endringar og utfordringar. Unge forhold til jamaldrande verkar også å vere nokså intrikat.

På den eine sida viser teorien at relasjonar til jamaldrande får større betydning i ungdomstida, og unge får eit auka behov for aksept og tilhøyrslle frå venar og medelevar (Kvalem, 2007; Steinberg, 2008; Aagre, 2014). Unge søker også etter å bli meir sjølvstendige og festar mogleg meir lit til jamaldrande (Steinberg, 2008). På den andre sida kan jamaldrande spele ei stor rolle for unges oppleving av stress og bekymring i ungdomstida (Bakken, 2020; Eriksen et al., 2017; Kvalem, 2007; Aagre, 2014). Stress, bekymringar og oppleving av

kroppspress kan til dømes skje indirekte gjennom deling av synspunkt, bekymringar og forventningar i vennegjengar, samt direkte gjennom kroppsrelatert mobbing, ekskludering eller latterliggjering (Grogan & Richards, 2002; Hill, 2015; Johnson et al., 2013; Jones, 2004; Jones & Crawford, 2006; Jones et al., 2004). Av den grunn var det difor noko overraskande at elevane i utvalet ikkje opplevde meir press frå denne kjelda.

Det er likevel viktig å merke seg at det, i dette forskingsprosjektet, ikkje vart innhenta informasjon om elevanes kroppsform, kroppsatile, ei kva type kroppspress dei potensielt opplever. Det kan difor vere tilfelle at slike faktorar, som ikkje er inkludert i analysen, har betyding for i kva grad elevane opplev kroppspress frå jamaldrande. På bakgrunn av dette, og med utgangspunkt i eksisterande litteratur, vil det mogleg vere feil å påstå at jamaldrande ikkje er ei betydingsfull presskjelde, til tross for at det ikkje vart gjort nokre oppsiktvekkande funn hjå denne studien.

Tidlegare forsking har også undersøkt kjønnsskilnadar hjå denne presskjelda, og har funne at presset om å auke muskulatur blant gutar, er lågare enn presset jentene opplev i samband med vektnedgang (Ata et al., 2007). Det vart imidlertid ikkje funne nokon signifikante kjønnssforskjellar hjå denne studien. Dette støttast også av korrelasjonsmatrisa som viser at press frå jamaldrande har positive samanhengar med internalisering av både eit tynt, muskuløst, samt eit attraktivt ideal. Det kan difor verke som om kroppspresset har like liten eller stor betyding for begge kjønn. Til tross for dette viser resultata at elevar som opplev press frå jamaldrande, også er usikre på eigen kropp i kroppsøvingsfaget. Dei registrerer også høgare samanlikningstendensar og er meir utsiktelege på klassen. Dette kan likevel synleggjere potensielle konsekvensar kroppspress kan ha for deltakinga i kroppsøvingsfaget, som vil bli diskutert nærmare hjå kapittel 9.3.

Kroppspress frå media

Ulike formar for media vert hjå teorien ansett å vere den mektigaste og mest gjennomgripande formidlaren av utsjânads- og kroppsideal (Tiggemann, 2012). For unge kan dette tenkjast å vere spesielt sentralt då sosiale media opptar mykje av deira tid. I motsetning til funna hjå dei andre presskjeldene, som i mindre grad samsvara med tidlegare forsking, viser funna relatert til press frå media større samsvar med teorien. Sjølv om elevane skåra under svarskalaens gjennomsnitt, er media den kjelda elevane opplev mest kroppspress frå. Funna viser også moderate kjønnssforskjellar der jentene registrerer meir press enn gutane. Tidlegare forsking

viser imidlertid at presset påverkar begge kjønn, og at media er ein av årsakene til unges kroppsmisnøye (Azzarito & Solomon, 2006; Grabe et al., 2008).

Eit anna sentralt punkt hjå tidlegare forsking er at unge med samanlikningstendensar kan vere spesielt sårbar for mediapresset, og at dette kan føre til usikkerheit vedrørande eigen kropp (Fardouly et al., 2015). Igjen kan ein trekke fram Cash (2002) sin teori om at erfaringar, både historiske og noverande, kan medføre til at ein utviklar mentale strukturar som mogleg får betyding for eins kroppsildeinvestering, altso i kva grad kropp og utsjånad opplevast relevant for eins liv. Det kan tenkast at elevar som har vorte utsett for kroppspress, kan utvikle sårbarheit ovanfor framtidig kroppspress og -misnøye, på bakgrunn av auka kroppsfokus. Faktisk viser funn frå denne studien at elevar som opplev press frå media også er usikre på sin kropp i kroppsøvingsfaget og har meir samanlikningstendensar. I tillegg er det ein positiv samanheng mellom press frå media og internalisering av alle dei ulike utsjånadsidealane. Dette kan mogleg bekrefte tanken om at mediapresset kan medføre ei rekke uheldige konsekvensar, noko som vidare kan ha særleg betydning for elevanes oppleveling av kroppsøvingsfaget.

9.1.2 Internaliserte utsjånadsideal

I denne studien er det ikkje direkte undersøkt kva tankar eller erfaringar elevane har i samband med samfunnsidealar. Likevel kan elevanes rapportering av internaliserte utsjånadsideal gi ein indikasjon på kva standardar eller normer som har blitt kommunisert i deira miljø, kva ideal som har blitt fremja av ulike påverknadskjelder, samt kva ideal ungdomar opplev som verdifulle. Mogleg vil Kvalem (2007) sitt poeng vere sentralt i denne samanheng. Han poengterer at det er fyrst når bestemte utsjånadar vert verdsett som attraktivt i samfunnet, at dei vil påverke normene for kva som er vanleg eller normal utsjånad (Kvalem, 2007).

Slik teorien viser artikulerer ikkje dei normative førestillingane berre til kva som er meir eller mindre attraktivt, men også til kjønnsbaserte forventningar der feminitet og maskulinitet er kopla saman med visse typar eigenskapar (Cash, 2012). Basert på dette vart det forventa å finne kjønnsskilnadar i forhold til internalisering av utsjånadsideal også hjå denne studien, noko som viste seg å stemme godt. Eksempelvis skåra jentene høgare enn gutane på internalisering av eit tynt ideal, eit ideal som ofte er forbunde med feminine former (Azzarito & Solomon, 2006; Grogan, 2017; Sypeck et al., 2004). Kjønnsforskjellane er også svært store. Motsett skåra gutane i utvalet høgare på eit muskuløst ideal, noko som også stemmer overeins

med det maskuline kroppsidealet som er beskrive hjå teori og tidlegare forsking (Grogan & Richards, 2002; Jones & Crawford, 2005; Leit et al., 2001; Oehlhof et al., 2009; Rodgers et al., 2012; Sæle et al., 2021). Her er kjønnsforskjellane derimot berre moderate.

Det kan også nemnast at elevane samla sett skårar høgare på det muskuløse ideal, samanlikna med det tynne idealet. Noko av forklaringa på dette kan mogleg ligge hjå endringane som har følgt utsjånadsidealene dei siste åra. Sjølv om det tynne og det muskuløse idealet har vore standarden for henholdsvis den kvinnelege og mannlege idealkroppen i lang tid, har det vorte ei auka aksept for meir definerte musklar også blant det kvinner (Aghekyan et al., 2012; Bordo, 2003; Furnham et al., 2002; Kvalem, 2007; Tiggemann, 2011). Det kan difor vere tilfelle at jentene i utvalet har ein meir samansett oppfatning av korleis kroppen skal sjå ut, der auka muskulatur også er sentralt.

At standardar for utsjånad har endra seg, kan også mogleg forklare elevanes internalisering av det attraktive idealet. Av dei tre utsjånadsidealene skåra elevane samla sett nemleg høgst på det attraktive idealet, og det kan vere fleire årsaker til dette. På same måte som standarden for kvinnekroppen har blitt meir muskuløs, viser forsking også at det mannlege idealet er avgrensa til moderat muskulatur. Idealet viser til muskuløse, men slanke kroppar (Grogan & Richards, 2002). Det kan mogleg tenkast at eit attraktivt ideal, i stor grad er noko både jenter og gutter ser på som ynskeleg, då ordet attraktivitet er kopla til både kvinnelege og maskuline standardar. I tillegg til fokus på kroppsformer, har kroppsideala også blitt supplert med ytterlegare standardar for skjønnheit. Dette inkluderer til dømes spesifikke frisyre, lite rynker, rein hud, fyldige lepper med meir (Aghekyan et al., 2012; Furnham et al., 2002; Hill, 2015; Kvalem, 2007; Ricciardelli & McCabe, 2011; Tiggemann, 2011).

På linje med dette kan det tenkast at elevanes høge rapportering av eit attraktivt ideal, er basert på ei oppfatning om at dette idealet rommar meir av karakteristikkane dei erfarer som sentrale. At begge kjønn opplev dette som relevant vert også støtta av resultata som viste at kjønnsskilnadane hjå internalisering av eit attraktivt ideal var beskjedne. Det kan likevel nemnast at jentene registrerer noko høgare verdi på dette idealet. I denne samanheng gir teori og tidlegare forsking inntrykk av at det kvinnelege idealet er supplert med fleire standardar enn det maskuline idealet, noko som mogleg kan forklare resultata.

Hjå TIM vert det vist til korleis internaliserte utsjånadsideal kan resultere i kroppsmisnøye eller ulike handteringsstrategiar (Thompson et al., 1999; Tiggemann, 2011). Dette kan også vere bekymringsverdig i kroppsøvingssamanhengen, der slike unngåande

strategiar truleg er synonymt med lågare deltaking i faget. I tillegg har tidlegare forsking vist korleis kroppslege bekymringar, som ofte er eit resultat av internaliserte kroppsideal, kan påverke elevanes motivasjon og aktivitetsval i kroppsøvingsfaget (Azzarito & Solmon, 2006; Hill, 2015; Whitehead & Biddle, 2008). Dette er med på å synleggjere betydinga av kunnskap og innsikt i elevars forhold til kropp- og utsjånadsideal.

9.2 Elevanes erfaring med kroppsøvingsfaget

Slik det vart presentert hjå teorien, er aktiv deltaking i kroppsøvingsfaget avgjerande om fagets formål skal bli realisert (Bjerke et al., 2016; Dismore & Bailey, 2011). At elevane opplev trivsel, glede og meistring i kroppsøvingsfaget, verkar vidare å vere ein viktig føresetnad for at dei skal bli inspirert til å bevege seg og delta aktivt (Bjerke et al., 2016; Dismore & Bailey, 2011; Lagestad, 2017). At trivsel har ein positiv samanheng med deltaking, vart også bekrefta hjå både korrelasjonsmatrisa og sti-analysa, noko som støtta H1. Dette understrekar viktigheita av kunnskap kring kva som påverkar elevars trivsel, og tidlegare forsking har vist at kroppsspesifikke faktorar spelar ei sentralt rolle i dette. Slik vi har sett opplev elevane relativt låge mengder kroppspress, og i noko høgare grad internaliserte utsjånadsideal. Sjølv om det ikkje blir vist til nokre urovekkande høge tal, kan dette likevel tenkjast å ha betydning for elevars oppleving av kroppsøvingsfaget.

Resultata frå studien indikerer at elevane generelt sett skårar nokså høgt når det gjeld trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget, men gutane både trivast og deltek mest. Desse resultata var forventa (H8), då tilsvarande observasjonar er funne hjå tidlegare forsking. For det fyrste er det vist at elevane stort sett rapporterer høge nivå av tilfredsheit med faget (Ruiz-Ariza et al., 2018). Vidare er det registrert høgare trivsel blant gutane enn jentene i kroppsøvinga (Moen et al., 2018). Det kan truleg vere ulike grunnar til at elevane generelt trivast godt i faget. Likevel har vi med bakgrunn i eit kroppsleg perspektiv sett at elevanes tryggleik til både klassen og lærarane kan ha stor betydning (Catunda et al., 2017; Hill, 2015). Slike tendensar kjem også fram hjå studiens funn, der det vert illustrert at elevar som opplev høg trivsel, vidare er nokså trygge på klassen i kroppsøvingsfaget, der gutane igjen skårar høgast.

For å summere opp, skårar altså gutane høgast på både trivsel, deltaking og tryggleik i klassen. I kva grad kroppsspesifikke faktorar har nokon samanheng med dette vil bli nøyare

diskutert i neste kapittel. Likevel kan ein nemne nokre interessante observasjonar i samband med kjønnsskilnadar hjå andre relevante variablar. Sjølv om elevane i mindre grad registrerer at følgjande er eit problem, skårar jentene høgare enn gutane på sosial samanlikning, samt usikkerheit knytt til eigen kropp i kroppsøvingsfaget. Om ein då samanliknar desse funna med trivsel, deltaking og tryggleik i klassen, der gutane skåra høgast, kan dette mogleg indikere at kroppsspesifikke forhold har betyding for elevars trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. I tillegg samsvarar dette med Moen et al. (2018) sine funn, som viste at jentene var meir misfornøgde med eigen kropp i faget. I denne samanheng kan det likevel nemnast at det ikkje vart funne nokon signifikante effektar mellom kjønn og deltaking i kroppsøvingsfaget hjå stianalysa. H18 som antok at jenter var mindre delaktige i faget, mediert av trivsel, vart difor ikkje støtta.

9.3 Indirekte og direkte effektar på deltaking i kroppsøvingsfaget

Slik tidlegare forsking har vist er det ikkje sjølvsagt at kroppsrelaterte erfaringar påverkar elevanes trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Dei teoretiske perspektiva har blant anna illustrert korleis kroppsbygninga, som verta forma av ulike erfaringar, er fleirdimensjonalt og komplekst. Personlege karakteristikk vil ha betyding for eins kroppsbygning og kroppsbygning, og kroppsspesifikke forhold vil på denne måten ha ulik innverknad i menneskes liv (Cash, 2012). At kompleksiteten og variasjonane spelar inn på elevars erfaringar i kroppsøvingsfaget, kjem også fram hjå tidlegare forsking. Her er det få forskningsartiklar som viser til ein enkeltståande «fasit» når det gjeld betydinga av kroppsideal, -press og -bygning. Sjølv om studiens analyse inkluderer ei rekke ulike faktorar som kan ha betyding for elevars trivsel og deltaking, vert det likevel tatt høgde for at andre individuelle, kontekstuelle og sosiale faktorar, som er utelatt, kan spele inn.

9.3.1 Effekten av kroppspress på deltaking i kroppsøvingsfaget

Med inspirasjon frå TIM (Thompson et al., 1999; Tiggemann, 2011), har denne studien inkludert tre kjelder til kroppspress; familie, media og jamaldrande. Teori og eksisterande forsking har hjå fleire anledninga undersøkt den generelle betydinga av desse, men det er imidlertid få som har undersøkt effekten av presskjeldene i samanheng med elevars trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Likevel kan eksisterande teori gi verdifulle perspektiv på kvifor kroppspress kan vere sentralt også i kroppsøvingssamanhang.

Cash (2002) har poengtert korleis spesifikke kontekstuelle situasjonar kan aktivere ulike indre dialogar, og vidare ha betyding for i kva grad ein nyttar unnvikande og kroppsskjulande åferd. I denne samanheng blir kroppsøvingsfaget nokså sentralt då dette er ein arena kvar kroppen ofte kan kjennast eksponert grunna fagets innhald og fokus. På denne måten kan kroppsøvingsarenaen vere ein kontekstuell situasjon som mogleg kan aktivere negative indre dialogar. Faget er også ein arena som potensielt kan framkalle samanlikningstendensar og usikkerheit, noko som kan resultere i unnvikande eller skjulande strategiar. Det vart med dette utarbeida tre hypotesar som antok at kroppspress hadde negative effektar på elevanes trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget (H12, H13, H14).

Resultata frå studien gav nokre interessante og overraskande funn. Til dømes vart effekten av press frå jamaldrande funne å ha ein svak indirekte positiv effekt på deltakinga i kroppsøvingsfaget, mediert av trivsel. Dette kan bety at meir press frå jamaldrande faktisk aukar elevars deltaking i faget, på bakgrunn av auka trivsel. Det vart anteke at press frå jamaldrande skulle ha betyding for elevanes trivsel og deltaking i faget, særleg med tanke på at kroppsøvingsfaget er ein arena kvar ein er omgitt av medelevar. At denne effekten derimot var positiv var uventa, spesielt med bakgrunn i teori og tidlegare forsking. Her har det til dømes vorte presisert at kroppspress kan vere ei kjelde til stress og uro blant ungdom (Eriksen & Walseth, 2021). Spesielt vil dette ha betyding for elevars trivsel i det sosiale rom dersom kroppspresset utrykkjast i form av kommentarar eller kritikk frå medelevar og jamaldrande (Andrews & Johansen, 2005; Jones et al., 2004; Lodewyk et al., 2009). I tillegg viste korrelasjonsmatrisa at elevar som opplever press frå jamaldrande også er meir usikre på eigen kropp i kroppsøvingsfaget, hadde høgare samanlikningstendensar og var meir utrygge på klassen. Kva som då er årsaka til at dette presset har positive samanhengar med trivsel og deltaking er difor interessant. Det kan også vere vanskeleg å sei noko bestemt om årsaka til dei positive effektane, då det potensielt kan vere andre bakanforliggende faktorar som ikkje har vorte inkludert i analysen.

Tidlegare forsking har likevel vist til nokre interessante observasjonar som mogleg kan vere med å forklare dei positive indirekte samanhengane. Det har blant anna blitt vist til korleis narrativ og oppfatningar om kropp og utsjånad vert reproduusert i klasserommet, og på denne måte verte kroppsøvingsfaget nytta som eit middel for å konstituere dei samfunnsmessige kjønnsnormene (Joy & Larsson, 2019). Andre studiar har også sett korleis elevar brukar kroppsøvingsfaget som ein hjelpende arena, for å kome nærmare det kroppslege idealet ein

siktar til (Azzarito & Solmon, 2006; Hill, 2015). Elevane kan med bakgrunn i dette oppfatte kroppsøvingsfaget som ein sentral arena for å oppnå sine kroppslege ideal, gjennom til dømes å bygge musklar eller å slanke seg. Sjølv om dette umiddelbart verkar å vere noko som kan medføre til auka press og lågare trivsel blant elevane, kan dette også mogleg forklare dei positive indirekte effektane. For elevar som er særleg opptatt av kropp og utsjånad, kan det å få moglegheita til å jobbe med desse måla, i eit fag som kroppsøving, mogleg opplevast befriane og nødvendig. På denne måten kan kroppsøvingsfaget truleg tilfredsstille eit behov hjå elevane, som vidare kan gi positive assosiasjonar til faget. Dette kan difor mogleg forklare den positive samanhengen mellom press frå jamaldrande og deltaking i kroppsøvingsfaget.

Når det gjelder kroppspress frå media, har teorien påpeika utfordringar i samband med at unge i aukande grad vert eksponert for omfattande ideal og normer knytt til utsjånad og kropp, som ein konsekvens av auka tilgjengeleghet til sosiale media og reklame (Eriksen et al., 2017). Dette inkluderer ein idealkropp som har vorte supplert av ytterlegare standardar, der det i tillegg til kroppsform vert lagt vekt på fyldige lepper, solbrun kropp og plettfrei hud, for å nemne noko (Aghekyan et al., 2012; Furnham et al., 2002; Kvalem, 2007; Tiggemann, 2011). Når unge ser på slike standardar som relevante for ein sjølv, vil dette mogleg kunne påverke deira engasjement i kroppsøvingsfaget.

Basert på dette vart det difor forventa at mediapresset påverka elevanes trivsel og deltaking negativt (H14), noko som vart støtta av funna frå sti-analysa. Her kom det fram at kroppspress frå media hadde ein indirekte negativ effekt på deltakinga i kroppsøvingsfaget, mediert av trivsel. Betydinga av mediapresset kom også til syne hjå den deskriptive statistikken som viste at media var den kjelda elevane opplevde mest kroppspress frå, der jentene rapporterte høgare press enn gutane. Media var også den einaste kjelda som, hjå korrelasjonsmatrisa, hadde negativ samanheng med både deltakinga og trivselen i kroppsøvingsfaget. Kva som ligg bak desse funna kan vere vanskeleg å få svar på gjennom analysen, men tidlegare forsking har vist nokre alternative forklaringar. Til dømes viser Whitehead og Biddle (2008) at elevar tek avstand til spesifikke aktivitetar på bakgrunn av at det kan medføre rotete hår, skitne klede, øydelagt sminkje, brekte negler og ei generell fare for å sjå uryddig ut. Bakken (2020) viser at media også kan fremje eit generelt prestasjonspress, noko som vidare kan få betydning for elevanes trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget.

Vidare vart det ikkje funne nokon signifikante indirekte samanhengar mellom press frå familie og deltaking i kroppsøvingsfaget, mediert av trivsel. Det vart likevel funne ein negativ

samanheng mellom variablane hjå korrelasjonsmatrisa. Desse funna, saman med tidlegare forsking, antydar mogleg at det kan vere andre medierande faktorar til stade. Sjølv om studiens analyse har inkludert trivsel som ein medierande variabel, kan det basert på teori og tidlegare forsking, også tyde på at prestasjonspress og unnvikande strategiar spelar ein medierande rolle i samband med kroppspress og elevars deltaking i kroppsøvingsfaget. Tidlegare forsking har sett at kroppsmisnøye, som då ofte er eit resultat av kroppspress, kan påverke eins meistringstru, utvikling av fysiske ferdigheiter, samt fremje test-angst. Dette viser seg igjen å kunne ha stor betydning for elevars trivsel og elevars intensiv for deltaking i faget (Andrews & Johansen, 2005; Lodewyk et al., 2009). Dette belyser også tanken om at kroppsilde er eit svært komplekst og fleirdimensjonalt fenomen.

9.3.2 Effekten av kroppsideal på deltaking i kroppsøvingsfaget

I samband med dei internaliserte kroppsidealala, var det kun internalisering av eit muskuløst ideal som viste signifikante effektar til deltaking i kroppsøvingsfaget. Sjølv om målet på internalisering av eit muskuløst ideal er samansett av både jenter og gutars svar, viste t-testen at gutane i større grad rapporterer om å ha internalisert dette idealet. Av den grunn kan det vere naturleg å samanlikne funnet med tidlegare forsking som koplar gutar saman med eit muskuløst idealet. Det må likevel poengterast at funna i like stor grad kan vere relevant i samband med jenters ynskje om ein meir muskuløs og markert kropp.

Fyrst viste sti-modellen ein direkte positiv samanheng mellom eit muskuløst ideal og deltaking i kroppsøvingsfaget, noko som støtta H3. Dette kan tenkjast å samsvare med tidlegare forsking, som viser at gutar er meir aktive i kroppsøvingsfaget, samanlikna med jenter. I tillegg ser ein hjå Carmona et al. (2015) at jenter og elevar med eit tynt ideal nytta unnvikande strategiar, i større grad enn gutar og elevar med eit muskuløst ideal. Sjølv om det tynne og det attraktive idealet ikkje viste nokre signifikante effektar på deltakinga hjå sti-analysa (som antatt hjå H2, H4, H9 og H11), kan mogleg funna hjå korrelasjonsmatrisa gi støtte til dette. Her viste resultata at internalisering av eit tynt ideal hadde ein negativ samanheng med både trivsel og deltaking. Som vist skåra jentene, samanlikna med gutane, høgast på dette idealet, og dei negative samanhengane mellom eit tynt ideal og deltaking, kan difor mogleg forklarast med bakgrunn i at jenter trivast mindre og er mindre delaktige i faget.

Som nemnd hjå tidlegare forsking kan også maskuline diskursar bli produsert og reproduksert i kroppsøvingsfaget gjennom ulike rørsler og måtar å opptre på (Joy & Larsson,

2019). Dette kan truleg vere ein ytterlegare forklaring på den positive effekten mellom det muskuløse idealet og deltaking i kroppsøvingsfaget. Til dømes kan dette medføre at faget i større grad vert «gutanes arena». Det kan tenkast at elevar som ikkje internaliserer eller tek til seg det muskuløse idealet, på denne måten kan føle seg utanfor eller mindre inkludert. Det kan til dømes gi ei kjensle av at ein er avvikande eller annleis enn dei aksepterte normene, noko som truleg kan medføre lågare tryggleik i klassemiljøet.

Vidare viser Hill (2015) korleis elevar opplev å måtte jobbe for ein kropp som er verdsett og har verdi i skulen, og at dette kan påverke deira deltaking, ferdighetsframføring, samt interaksjon med medelevarar. I denne samanheng kan det tenkast at elevar som er opptekne av, eller tilsvrar det muskuløse idealet, føler seg meir tilfreds og inkludert i eit miljø prega av maskuline normer og forventningar. Dette kan også truleg fremje deira motivasjon for deltaking i faget. Vidare vert det vist til at unge presenterer seg sjølv på ein måte som samsvarer med eigenskapane til klassen og medelelevane (Carmona et al., 2015). Når studiar i tillegg viser at guitar, til samanlikning med jenter, har større sannsyn for å følgje klassens diskursar, kan dette mogleg vere med å forklare kvifor elevar som internaliserar eit muskuløst ideal er meir delaktige i kroppsøvingsfaget (Azzarito & Solomon, 2006).

Sjølv om H10 illustrerer ei forventning om ein positiv indirekte effekt mellom muskuløst ideal og deltaking i kroppsøvingsfaget, mediert av trivsel, vart det stilt noko skepsis til dette. Til dømes vert det hjå teorien beskrive korleis elevar deltek i faget, men sjeldan viser entusiasme eller engasjement i timane (Azzarito & Solomon, 2006). Dette kan tyde på at elevars deltaking nødvendigvis ikkje har samanheng med deira trivsel. Til tross for dette viste resultata frå analysa ein indirekte positiv effekt mellom internalisering av eit muskuløst ideal og deltaking i kroppsøving, mediert av trivsel. Elevar med eit muskuløst ideal deltek difor meir i kroppsøvingstimen, på bakgrunn av auka trivsel.

Slik det er nemnd tidlegare kan også dette funnet vere eit resultat av at elevane opplev faget som nyttig arena kvar ein kan få anledning til å nå sitt kroppsideal, og at elevane av den grunn også trivast betre på i ein slik kontekst. Dette ser ein att hjå til dømes Azzarito og Solomon (2006), der elevar deltek i aktivitetar på bakgrunn av at aktiviteten samsvarar med kroppsoppfatningar eller sportslege mål. Det må imidlertid nemnast at resultata frå studien ikkje gir nokon indikasjon på korleis elevanes kroppar er, eller i kva grad dei opplev kroppsmisnøye eller -tilfredsheit. Dette betyr at elevane kan ha eit muskuløst ideal, samstundes som dei opplev å tilsvare dette idealet. I den grad dette er tilfelle gir det mogleg

meining at dei også vil trivast i ein kroppsfookusert kontekst. Spesielt har vi sett korleis puberteten ofte opplevast meir positiv for gutter då dei fysiske pubertetsendringane i større grad representerer meir maskuline narrativ om kropp (Ricciardelli & McCabe, 2011). I denne samanhengen viser også Grogan og Richards (2002) at muskuløse og markerte kroppar ofte er forbundet med ei kjensle av sjølvtillit, makt og status i sosiale situasjoner, samt attraktivitet, popularitet, sosial anerkjenning og fråvær av negative reaksjonar (Azzarito & Solomon, 2006; Hill, 2015; Johnson et al., 2013; Kvalem, 2007). Dersom dette er tilfelle kan dette vere med å forklare elevanes auka trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget.

9.3.3 Effekten av sosial samanlikning på deltaking i kroppsøvingsfaget

Tidlegare forsking viser fleire døme på korleis eins kroppsbildeevaluering og kroppsbildeinvestering kan påverke elevanes oppleving av kroppsøvingsfaget. Til dømes vil samanlikningstendensar kunne påverke eins forhold til eigen kropp, noko som igjen kan påverke elevars oppleving av faget (Hill, 2015; Skaalvik & Bong, 2003). Sosial samanlikning er også funne å vere spesielt relevant i tilfelle der elevars pubertetsutvikling er i utakt med jamaldranes utvikling (Ricciardelli & McCabe, 2011).

Resultata frå korrelasjonsanalyse viser at høge nivå av samanlikningstendensar samsvara med høge nivå av usikkerheit knytt til eigen kropp i faget. Høge nivå av sosial samanlikning i kroppsøvingsfaget har også ein negativ samanheng med trivsel, samt tryggleik i klassen. Dette stemmer godt overeins med ideen om at sosial samanlikning påverkar eins sjølvkjensle som igjen har betydning for innsats og motivasjon i kroppsøvingsfaget (Skaalvik & Bong, 2003). Sti-analyse viste derimot ingen signifikant indirekte effekt på deltakinga, via trivsel, slik det vart anteke hjå H15. Det er likevel funne ein moderat positiv direkte effekt mellom sosial samanlikning og deltaking i faget (H5). Funnet kan tyde på at elevar som samanliknar seg med andre i kroppsøvingsfaget, også er meir delaktige i timane.

Dette er interessant i samband med tidlegare forsking som viser at sosial samanlikning kan ha ein uheldig verknad på eins oppleving av eigen kropp i faget (Hill, 2015; Ricciardelli & McCabe, 2011; Tiggemann, 2012). Med bakgrunn i dette skulle ein mogleg forvente at samanlikningstendensar har ein negativ effekt på deltakinga. Hjå Tiggemann (2012) vert dette derimot nyansert, kvar det vert vist til at eins samanlikningsgrunnlag, altso kven ein samanliknar seg med, har betydning for konsekvensane dette får. Til dømes vil ein, ved å samanlikne seg med uoppnåelege og urealistiske kroppar eller utsjånadsaspekt, sannsynlegvis

finne manglar eller feil med eigen kropp (Tiggemann, 2012). Dette kan mogleg påverke trivselen og deltakinga i faget, på bakgrunn av ein frykt om å ikkje vere god nok. Motsett kan det tenkast at samanlikning kan vere ein motivator, dersom ein samanliknar seg med realistiske og fornuftige referansar. Kven elevane samanliknar seg med vil difor mogleg ha betyding for deira motivasjon for deltaking i faget. Igjen illustrere dette at kroppsspesifikke faktorar, som til dømes sosiale samanlikningstendensar, kan vere komplekst då det er forma og styrt av omgjevnadar og personlege tilbøyeligheter.

9.3.4 Effekten av usikkerheit knytt til eigen kropp på deltaking i kroppsøvingsfaget

Andrews og Johansen (2005) viser i si forsking til korleis bekymringar om kropp og utsjånad kan påverke elevanes innsats i kroppsøvingstimane. Her kjem det også fram at elevar opplev særleg sjenanse i samband med ei oppleving av at kroppen vert granska av medelevar i faget, spesielt i garderoben. Dette samsvarer med andre studiar som viser at fagets kroppslege fokus kan vere utfordrande for enkelte elevar (Azzarito & Solmon, 2006; Balli et al., 2014). For å handtere desse utfordringane har elevane vidare ein tendens til å nytte strategiar som å dekkje seg til med handduk, sløkke lyset, eller rett og slett droppe dusjen. I enkelte tilfelle vil dette ha betyding for elevanes delaktigheit i timane, der elevane lurer seg unna og reduserer innsats for å unngå å bli svette (Andrews & Johansen, 2005).

Basert på dette vart det forventa at usikkerheit knytt til eigen kropp i kroppsøvingsfaget ville ha både direkte, og indirekte, negativ effekt på deltaking i kroppsøvingsfaget, mediert av trivsel (H6 og H16). Dette vart støtta av resultata frå sti-analysa, som indikerte at eins usikkerheit knytt til eigen kropp i faget medfører lågare trivsel, samt deltaking. Tilsvarande funn ser ein att hjå korrelasjonsanalysa, der usikkerheit hadde negative samanhengar med både trivsel, deltaking og tryggleik i klassen. Det verkar difor tydeleg at eins oppleving av eigen kropp i faget sannsynlegvis har betydeleg innverknad på elevars erfaringar, både i det fysiske og sosiale miljøet i kroppsøvinga.

Vidare kan ein nemne at usikkerheit knytt til eigen kropp i faget, hadde positive samanhengar med alle dei tre kjeldene til press, samt eit tynt og eit attraktivt ideal, hjå korrelasjonsmatrisa. Dette kan tyde på at usikkerheita har samanheng med kropp- og utsjånadsfokuserte normer og standardar. Hagen et al. (2014) viser vidare til korleis usikkerheit, enten til seg sjølv eller situasjonen ein møter, kan utløyse unnvikande eller skjulande åtferd. Når elevane nyttar seg av slike strategiar, vil det vere naturleg å tenkje at

dette også medfører lågare deltaking. Hjå tidlegare forsking vert det imidlertid vist til fleire forklaringar på samanhengar mellom kroppsleg usikkerheit og deltaking i kroppsøvingsfaget. Tidlegare nemnd og spesielt relevant i forhold til sosial samanlikning, er ideen om at kroppsrelaterte bekymringar påverkar aktivitetsval, der elevar unngår aktivitetar som kan medføre at ein ikkje framstår «bra nok» (Whitehead & Biddle, 2008). At usikkerheit knytt til eigen kropp i faget kan skape utfordringar for elevars trivsel og deltaking verkar difor å vere sannsynleg. Det vert også tydeleg at tematikken er kompleks, og mogleg styrt av ei rekke ulike faktorar, noko som vidare belyser viktigheita av kunnskap og forståing om utfordringane.

9.3.5 Effekten av tryggleik til klassen på deltaking i kroppsøvingsfaget

I samband med trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget har forsking også vist at eit positivt læringsmiljø, som består av tryggleik, anerkjenning, inkludering, vennskap, samt fråvær frå mobbing og plaging, er av sentral betyding (Battistich et al., 1995; Skaalvik & Skaalvik, 2018). At ei kjensle av å vere trygg i klassen har positiv effekt på elevars trivsel og deltaking i faget var difor også anteke hjå H7 og H17. Resultata frå analysen bekrefta dette, og viste at tryggleik til eins kroppsøvingsklasse har ein sterk positiv direkte effekt, samt ein moderat positiv indirekte effekt på deltakinga i kroppsøvingsfaget.

Slik vi har sett hjå tidlegare forsking kan kroppsøvingsfaget vere ein arena kvar enkelte elevar kjenner seg ukomfortable grunna fagets kroppslege fokus. Det er også vist til at situasjonar kvar ein er usikker, ukomfortabel eller pressa kan føre fram unnvikande eller skjulande strategiar (Hagen et al., 2014), noko som igjen har stor betyding for deltakinga i kroppsøvingsfaget. Sjølv om funna hjå studien viser til både direkte og indirekte effektar mellom elevanes tryggleik i klassen og deira deltaking i faget, seier desse effektane lite om kva som påverkar elevanes tryggleik, og i kva grad dette botnar ut i til dømes kroppsspesifikke eller sosiale forhald.

Korrelasjonsmatrisa gir imidlertid mogleg eit innblikk i desse samanhengane, der det først vert bekrefta ein positiv samanheng mellom tryggleik til klassen og både trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Vidare ser ein at elevar med eit tynt og eit attraktivt ideal er mindre trygge i klassen. Det same er tilfelle for alle pressfaktorane, der opplevd kroppspress heng saman med lågare tryggleik. Desse samanhengane kan illustrere ein ide om at kroppsspesifikke faktorar har betyding for kva grad ein opplev tryggleik i klassen, noko som

vidare er ein føresetnad for auka trivsel og deltaking (Bjerke et al., 2016; Dismore & Bailey, 2011; Skaalvik & Bong, 2003).

Vidare vil mogleg elevanes relasjon til jamaldrande vere av spesiell interesse, då ein hjå kroppsøvingsfaget naturlegvis er omringa av medelevar. Slik vi har sett kan unge oppleve kroppspress frå jamaldrande, der dette kan utspele seg som både indirekte og direkte formar for press. Til dømes vil unge kunne oppleve latterliggjering, ekskludering, mobbing, erting og bruk av kallenamn i interaksjon med jamaldrande (Grogan & Richards, 2002; Hill, 2015; Johnson et al., 2013; Jones, 2004). I denne samanheng kan det vere verdt å nemne Cash (2012) sin definisjon av kroppsildeinvesteringar, som viser til at kroppsibilet er tett knytt opp mot elevars sjølvoppfatning. I kva grad kroppsibilet blir påverka psykologisk, vil variere frå individ til individ. Dette er fordi enkelte kan oppleve at utsjånad og kropp har stor betyding for eins liv og identitet, medan andre ikkje ser på dette som betydingsfullt eller viktig (Cash, 2012).

Sidan ungdomsåra er prega av auka sjølvbevisstheit, noko som også kan medføre auka bekymringar om eins kropp og utsjånad, kan det tenkjast at sosiale interaksjonar med jamaldrande kan ha særleg betyding eins sjølvkjensle. I tillegg er ungdomstida ei kompleks og dynamisk livsfase, prega av ei rekke sosiale, psykologiske og fysiske endringar (Ricciardelli & McCabe, 2011). Unge har eit særleg behov for å bli akseptert og anerkjent, samt å finne sin identitet og plass i sosiale grupper (Hill, 2015; Kvalem, 2007; Ricciardelli & McCabe, 2011; Steinberg, 2008). Tryggleik til medelevar, anerkjenning, inkludering og aksept verkar difor å ha stor betyding for korleis elevane opplev læringsmiljøet. Dette vil igjen vere ein viktig føresetnad for elevanes trivsel, innsats og engasjement i undervisinga (Battistich et al., 1995; Skaalvik & Skaalvik, 2018), noko som også vert støtta av funne frå analysen.

9.4 Praktiske implikasjonar av funn for elever og lærarar i kroppsøving

Resultata og diskusjonen ovanfor belyser at kroppsspesifikke forhold, som til dømes utsjånadsideal, kroppspress, sosial samanlikning, samt kroppsleg usikkerheit, kan ha konsekvensar for elevanes trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Ein har også sett at tryggleik til klassen og medelevar er eit viktig stikkord for å auke trivsel og deltaking. Sjølv om studiens funn viser støtte til enkelte aspekt hjå tidlegare forsking, er det viktigaste funnet kanskje at tematikken er samansett, komplekst og verka å vere påverka av eit mangfold av faktorar. I kva grad elevane verte påverka av samfunnskonstruerte utsjånadsideal og kroppspress varierer på

bakgrunn av personelge, kontekstuelle og sosiale forhold. På same måte vil det variere i kva grad slike erfaringar vil påverke elevanes trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget.

Denne studien har primært fokusert på elevar og deira interaksjon med kvarandre og faget, men funna kan likevel vere verdifulle for lærarar. Implikasjonane studien gir, plasserer mogleg læraren i ei sentral rolle i samband med å handtere utfordringar knytt til kroppsrelaterte utfordringar i kroppsøvingsfaget. Slik det vart nemnd hjå innleiinga kan det tenkast at ein god måte å handtere desse problemstillingane på, er å lære unge om kritisk tenking, samt å fremje kunnskap og refleksjon rundt kroppslege problemstillingar (Bakken et al., 2018; Bjørnebekk, 2015; Foros, 2016). Slike formål er også nemnd hjå læreplanen for faget, men slik vi har sett kan det vere utfordrande å nå desse måla dersom kroppslege problemstillingane faktisk skapar hinder for elevars trivsel og delaktigkeit i faget. Når lærarar då arbeider med problemstillingane i faget, er det mogleg at elevane som treng det mest, faktisk er dei som ikkje er delaktige i timane. Dette understrekar viktigheita av at lærarar har forståing for korleis kroppsspesifikke problemstillingar kan skape utfordringar og konsekvensar i faget. Ved å auke kunnskapen rundt dette temaet kan lærarar lettare leggje til rette for individuelle behov og skape eit trygt og inkluderande læringsmiljø.

10 Avsluttande betraktingar

10.1 Studiens konklusjonar

Målet med denne studien var å fremje kunnskap om elevars erfaringar med kroppsideal og kroppspress, samt i kva grad dette kan ha betyding for elevars trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Resultata støtta teoriens påstand om at kroppsspesifikke fenomen er komplekse og fleirdimensjonale. Analysen viser også at det kan ha betyding for elevars erfaringar med kroppsøvingsfaget, men at det truleg er eit mangfald av potensielle faktorar som kan spele inn og påverke elevane.

Studiens funn viste at elevane i relativt liten grad opplev kroppspress og internaliserte utsjânadideal, der gjennomsnittskåren hjå alle variablane låg under svarskalaens midtverdi. Elevane opplevde at kroppspresset frå media var størst, etterfølgd av jamaldrande og familie. Det vart også funne kjønnsforskjellar hjå internalisering av utsjânadideal, der gutane i større grad rapporterte om eit muskuløst ideal, og jentene om eit tynt ideal, noko som også er ein tydeleg trend hjå teori og tidlegare forsking (Ata et al., 2007; Bordo, 2003; Cash, 2012; Durkin et al., 2007; Grogan, 2017; Grogan & Richards, 2002; Oehlhof et al., 2009; Sypeck et al., 2004). Begge kjønn rapporterte likevel å, i størst grad, internalisere det attraktive idealet, noko som er interessant i samband med at kroppsidealha vorte supplert av ytterlegare standardar dei siste åra (Aghekyan et al., 2012; Furnham et al., 2002; Tiggemann, 2011).

I tilknyting til kroppsspesifikke faktorars betyding på kroppsøvingsfaget, viste resultata nokre interessante funn, spesielt i tilknyting til det muskuløse idealet og kroppspress frå jamaldrande. Begge desse hadde ein positiv indirekte effekt på deltakinga i kroppsøvingsfaget, mediert av trivsel. Diskusjonen drøfta desse funna og det vart reflektert over i kva grad kroppspress kan medføre til eit ynske om å realisere desse ideala. Når elevane då ser på kroppsøvingsfaget som ein arena kvar ein kan konstituere slike kroppsideal, kan dette potensielt påverke elevars oppleving av faget positivt. At eit muskuløst ideal har positive effektar på trivsel og deltaking, vart også sett i samanheng med at maskuline diskursar er funne å vere dominerande i kroppsøvingsfaget. Faget kan då opplevast å vere tilpassa gutars premissar.

Vidare hadde sosial samanlikning i kroppsøvingsfaget ein direkte positiv effekt på deltakinga i faget. Sti-analysa avdekkja derimot ingen indirekte samanhengar gjennom trivsel. Dette kan mogleg forklarast av elevars samanlikningsgrunnlag, der teorien viser at kven ein

samanliknar seg med kan ha betydning for om ein får auka eller minska motivasjon for å engasjere seg og delta i faget (Tiggemann, 2012). Resultata viste vidare at tryggleik til klassen hadde både direkte og indirekte positiv effekt på deltakinga i kroppsøvingsfaget, mediert av trivsel. Dette resultatet var mindre overraskande, då teorien har vist at eit positivt læringsmiljø består av tryggleik, anerkjenning, inkludering, vennskap, samt fråvær av mobbing og plaging (Battistich et al., 1995; Skaalvik & Skaalvik, 2018). Dette kan også forklare funna som viste at å vere usikker på eigen kropp i faget hadde negative effekta, både direkte og indirekte via trivsel. At tryggheit har betydning for elevars velvære i faget vert difor mogleg bekrefta.

Studiens funn er på denne måten med på å synleggjere at kroppsrelaterte erfaringar og opplevingar kan ha betydning for elevanes trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget, men at dette samstundes er styrt av individuelle erfaringar, ulike mentale føresetnadurar, samt miljøet og konteksten ein undersøkjer forholda i. Dette kan gjere det utfordrande for lærarar å oppdage, ta tak i, og handtere slike kroppslege bekymringar. Likevel kan studien gi djupare innsikt i tematikken som også står sentralt i læreplanverket. Om faget skal kunne fremje eit positiv sjølvbilete og gi elevane ein trygg identitet, gjennom å legge til rette for refleksjon og kritisk tenking om kroppsidealalar (Utdanningsdirektoratet, 2020), er det også sentralt at lærarar har innsikt i elevanes kroppslege erfaringar både i og utanfor kroppsøvingsfaget.

10.2 Begrensningar hjå studien og vegen vidare

Det er fleire begrensingar hjå denne studien som bør tas høgde for når ein studerer studiens resultat. Sjølv om utvalet gjenspegla populasjonens karakteristikkar, då spesielt i samband med ei jamn fordeling blant kjønn, var utvalet overrepresentert av vg1 elevar. Denne skeivfordelinga hjå klassetrinn gir potensielt nokre utfordringar i samband med å generalisere funna til andre vidaregåande skular. Generalisering kan også vere eit utfordring på bakgrunn av at forskingas utval var eit ikkje-sannsynsutval.

Sjølv om studiens antekne årsakssamanhangar er basert på teori og tidlegare forsking, vil det hjå framtidig forsking vere interessant å gjennomføre longitudinale eller eksperimentelle studiar som potensielt kan gi betre innsikt i kausale samanhengar og endringar over tid. Dette kan også vere av spesiell interesse då temaet har vist seg å vere svært komplekst. Kva som kjem før noko anna, og kva faktorar som påverkar andre faktorar, kan difor vere nokså varierande og til tider uklart. Dette medfører også at variablane som er inkludert i

studien, er meint å måle fenomen som kan vere nokså dynamiske og komplekse. I denne samanheng er det ein svakheit at fleire av desse ikkje vart utarbeida på bakgrunn av eit samansett mål. Ei sterk anbefaling til framtidig forsking vil difor vere å nytte samansette mål for å kunne fange opp fleire nyansar hjå dei ulike fenomena. I samband med spørjeskjemaet vil også sjølvrapportering kunne vere ein begrensning hjå studien, der dette kan skape ulike formar for bias eller feilinformasjon. Dette kan føre til at elevar over- eller underrepresenterer, hasta seg gjennom for å bli ferdig, svarer uærleg, eller misforstår spørsmåla. I samband med at temaet er komplekst kan det også vere interessant, hjå framtidig forsking, å undersøkt temaet kvalitativt. Då kan ein potensielt få større innsikt i elevars refleksjonar og tankar kring tematikken.

Det er også lite eksisterande litteratur som har undersøkt dei direkte og indirekte effektane av kroppsspesifikke forhold på trivsel og deltaking i kroppsøvingsfaget. Dette medførte at analysemodellen i mindre grad tilsvarer andre analysemodellar hjå tidlegare forsking. Dette kan vere fint i samband med å utvide kunnskapsfeltet, men samtidig utfordrande i med tanke på generalisering av funn. Som nemnd er temaet også svært komplekst, og det er tydeleg at analysemodellane hjå denne studien ikkje fangar opp alle relevante dimensjonar. Slik det har vorte vist til vil perfeksjonismehaldninga, lærar-elev-relasjonar, idrettsleg bakgrunn, garderobesituasjon og symjeundervisning vere stikkord for aktuelle temaa som kan ha stor betyding, men som ikkje vart undersøkt hjå denne studien. Dette tydeleggjer også omfanget av tematikken behovet for ytterlegare forsking på feltet.

Bibliografi

- Acock, A. C. (2012). *A gentle introduction to Stata* (Rev. 3rd. utg.). Stata Press.
- Aghekyan, M., Ulrich, P. & Connell, L. (2012). Using body scans in assessing perceptions of body attractiveness and size: cross-cultural study. *International Journal of Fashion Design, Technology and Education*, 5(2), 81-89.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1080/17543266.2011.636073>
- Andrews, T. & Johansen, V. (2005). Gym er det faget jeg hater mest. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 89(4), 302-314. <https://doi.org/https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2987-2005-04-06>
- Ata, R. N., Ludden, A. B. & Lally, M. M. (2007). The effects of gender and family, friend, and media influences on eating behaviors and body image during adolescence. *Journal of Youth and Adolescence*, 36, 1024-1037. <https://doi.org/https://doi.org/10.1007/s10964-006-9159-x>
- Azzarito, L. & Solmon, M. A. (2006). A feminist poststructuralist view on student bodies in physical education: Sites of compliance, resistance, and transformation. *Journal of teaching in physical education*, 25(2), 200-225. <https://doi.org/https://doi.org/10.1123/jtpe.25.2.200>
- Bakken, A. (2020). *Ungdata 2020. Nasjonale resultater*. (16/20). Velferdsforskningsinstituttet NOVA.
<https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/20.500.12199/6415/Ungdata-NOVA-Rapport%2016-20.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Bakken, A., Sletten, M. A. & Eriksen, I. M. (2018). Generasjon prestasjon? Ungdoms opplevelse av press og stress. <https://utdanningsforskning.no/artikler/2018/generasjon-prestasjon-ungdoms-opplevelse-av-press-og-stress/>
- Ballı, Ö. M., Erturan-İlker, G. & Arslan, Y. (2014). Achievement goals in Turkish high school PE setting: The predicting role of social physique anxiety. *International Journal of Educational Research*, 67, 30-39. <https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.ijer.2014.04.004>
- Battistich, V., Solomon, D., Kim, D.-i., Watson, M. & Schaps, E. (1995). *Schools as Communities, Poverty Levels of Student Populations, and Students' Attitudes, Motives, and Performance: A Multilevel Analysis* [627-658]. Washington, D.C. :
- Biddle, S. J. & Asare, M. (2011). Physical activity and mental health in children and adolescents: a review of reviews. *British journal of sports medicine*, 45(11), 886-895.
<https://doi.org/http://dx.doi.org/10.1136/bjsports-2011-090185>
- Bjerke, Ø., Lyngstad, I. & Lagestad, P. (2016). Trivsel i kroppsøvingsfaget blant elever med lavt og høyt oksygenopptak. <https://doi.org/https://doi.org/10.17585/ntp.v2.259>
- Bjørnebekk, W. (2015). *Påkledd i dusjen: om ungdom og kroppspress*. Spartacus.
- Bordo, S. (2003). *Unbearable weight : feminism, Western culture, and the body* (2. utg.). University of California Press.
- Borgen, J. S., Gjølme, E. G., Hallås, B. O., Løndal, K. & Moen, K. M. (2018). Kroppsøving mer enn "fysisk aktivitet". *Bedre skole*, 2017(4).
<https://utdanningsforskning.no/artikler/2018/kroppsoving-mer-enn-fysisk-aktivitet/>
- Brown, T. A. (2015). *Confirmatory Factor Analysis for Applied Research*. New York: Guilford Publications. https://web.s.ebscohost.com/ehost/detail/detail?vid=0&sid=597457a6-03f0-442c-bdc8-988dc993765a%40redis&bdata=JnNpdGU9ZWhvc3QtbGI2ZS2zY29wZT1zaXRI#AN=831411&d_b=nlebk
- Browne, M. W. & Cudeck, R. (1993). Alternative ways of assessing model fit. I K. A. Bollen & J. S. Long (Red.), *Testing structural equation models*. Sage.

- Carmona, J., Tornero-Quiñones, I. & Sierra-Robles, Á. (2015). Body image avoidance behaviors in adolescence: A multilevel analysis of contextual effects associated with the physical education class. *Psychology of Sport and Exercise*, 16(3), 70-78.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.psychsport.2014.09.010>
- Cash, T. F. (2002). Cognitive-behavioral perspectives on body image. I T. Pruzinsky & T. F. Cash (Red.), *Body image : a handbook of theory, research, and clinical practice*. Guilford Press.
- Cash, T. F. (2011). Cognitive-Behavioral Perspectives on Body Image. I T. F. Cash & L. Smolak (Red.), *Body Image: A Handbook of Science, Practice, and Prevention* (2. utg., s. 39-47). Guilford Publications. <https://ebookcentral.proquest.com/lib/ntnu/detail.action?pq-origsite=primo&docID=690480>
- Cash, T. F. (2012). Cognitive-Behavioral Perspectives on Body Image. I T. F. Cash (Red.), *Encyclopedia of Body Image and Human Appearance* (Bd. 1-2, s. 334-342). Elsevier Science & Technology. <https://doi.org/10.1016/C2010-1-66177-9>
- Catunda, R., Marques, A. & Januário, C. (2017). Perception of body image in teenagers in physical education classes. *Motri*, 13(1), 91-99.
https://www.researchgate.net/publication/322043612_Perception_of_Body_Image_in_Teenagers_in_Physical_Education_Classes
- Christophersen, K.-A. (2013). *Introduksjon til statistisk analyse : regresjonsbaserte metoder og anvendelser*. Gyldendal akademisk.
- Cohen, L., Manion, L. & Morrison, K. (2018). *Research Methods in Education* (8. utg., Bd. 1). London: Routledge. <https://doi.org/10.4324/9781315456539>
- Creswell, J. W. & Creswell, D. J. (2018). *Research design: qualitative, quantitative, and mixed methods approaches* (5. utg.). SAGE.
- Dismore, H. & Bailey, R. (2011). Fun and enjoyment in physical education: Young people's attitudes. *Research papers in education*, 26(4), 499-516.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1080/02671522.2010.484866>
- Dowling, F. (2010). Fysisk aktivitet og god helse i kroppsøvingsfaget: Problematisk, ikke automatisk. *Aktive liv. Idrettspedagogiske perspektiver på kropp, bevegelse og dannelses*, 205-218.
- Durkin, S. J., Paxton, S. J. & Sorbello, M. (2007). An integrative model of the impact of exposure to idealized female images on adolescent girls' body satisfaction 1. *Journal of Applied Social Psychology*, 37(5), 1092-1117. <https://doi.org/https://doi.org/10.1111/j.1559-1816.2007.00201.x>
- Eriksen, I. M., Sletten, M. A., Bakken, A. & Soest, T. V. (2017). *Stress og press blandt ungdom. Erfaringer, årsaker og utbredelse av psykiske helseplager* (6). NOVA. <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/20.500.12199/5115/Nettutg-Stress-og-press-blandt-ungdom-NOVA-Rapport-6-17-bokmerk.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Eriksen, I. M. & Walseth, K. (2021). Med kropp som prosjekt. I G. Ødegård & W. Pedersen (Red.), *Ungdommen* (s. 153-172). Cappelen Damm Akademisk.
- Evensen, K. (2020). *Vurdering i kroppsøving*. Universitetsforlaget.
- Eynon, R., Fry, J. & Schroeder, R. (2008). The Ethics of Internet Research. I N. G. Fielding, G. Blank & R. M. Lee (Red.), *The SAGE handbook of Online Research Methods* (s. 23-41). SAGE.
- Fardouly, J., Diedrichs, P. C., Vartanian, L. R. & Halliwell, E. (2015). Social comparisons on social media: The impact of Facebook on young women's body image concerns and mood. *Body Image*, 13, 38-45. <https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.bodyim.2014.12.002>

- Foros, P. B. (2016). Skolens etos. Nivå eller retning? Lydighet eller motstand? *Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk*, 2(3). <https://doi.org/https://doi.org/10.17585/ntp.v2.281>
- Furnham, A., Badmin, N. & Sneade, I. (2002). Body image dissatisfaction: Gender differences in eating attitudes, self-esteem, and reasons for exercise. *The Journal of psychology*, 136(6), 581-596. <https://doi.org/https://doi.org/10.1080/00223980209604820>
- Grabe, S., Ward, L. M. & Hyde, J. S. (2008). The role of the media in body image concerns among women: a meta-analysis of experimental and correlational studies. *Psychological bulletin*, 134(3), 460-476. <https://doi.org/https://doi.org/10.1037/0033-2909.134.3.460>
- Green, K. (2010). Aktiv livsstil, helse og kroppsøving: utfordringer og begrensninger. I K. Steinsholt & K. P. Gurholt (Red.), *Aktive liv : idrettspedagogiske perspektiver på kropp, bevegelse og dannelsen* (s. 219-231). Tapir akademisk.
- Grogan, S. (2017). *Body Image: Understanding Body Dissatisfaction in Men, Women and Children*. Florence: Taylor and Francis.
- Grogan, S. & Richards, H. (2002). Body Image: Focus Groups with Boys and Men. *Men and Masculinities*, 4(3), 219-232. <https://doi.org/https://doi.org/10.1177/1097184X02004003001>
- Hagen, M., Aune, O. & Lyngstad, I. (2014). Skjuleteknikk i kroppsøving. *Tidsskriftet Fou i praksis*, 8(1), 61-78.
- Harrison, K. & Hefner, V. (2006). Media exposure, current and future body ideals, and disordered eating among preadolescent girls: A longitudinal panel study. *Journal of Youth and Adolescence*, 35, 146-156. <https://doi.org/https://doi.org/10.1007/s10964-005-9008-3>
- Heinberg, L. J., Thompson, J. K. & Stormer, S. (1995). Development and validation of the sociocultural attitudes towards appearance questionnaire. *International Journal of Eating Disorders*, 17(1), 81-89. [https://doi.org/https://doi.org/10.1002/1098-108X\(199501\)17:1<81::AID-EAT2260170111>3.0.CO;2-Y](https://doi.org/https://doi.org/10.1002/1098-108X(199501)17:1<81::AID-EAT2260170111>3.0.CO;2-Y)
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2016). #Ungdomshelse – regjeringens strategi for ungdomshelse 2016–2021. Regjeringen.no. https://www.regjeringen.no/contentassets/838b18a31b0e4b31bbfa61336560f269/ungdomshelsestrategi_2016.pdf
- Hill, J. (2015). 'If you miss the ball, you look like a total muppet!' Boys investing in their bodies in physical education and sport. *Sport, education and society*, 20(6), 762-779. <https://doi.org/https://doi.org/10.1080/13573322.2013.820695>
- Holsen, I., Jones, D. C. & Birkeland, M. S. (2012). Body image satisfaction among Norwegian adolescents and young adults: A longitudinal study of the influence of interpersonal relationships and BMI. *Body Image*, 9(2), 201-208. <https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.bodyim.2012.01.006>
- Hox, J. J. (2010). *Multilevel Analysis: Techniques and Applications* (2nd. utg.). London: Taylor and Francis. <https://doi.org/10.4324/9780203852279>
- Johnson, S., Gray, S. & Horrell, A. (2013). 'I want to look like that': healthism, the ideal body and physical education in a Scottish secondary school. *Discourse (Abingdon, England)*, 34(3), 457-473. <https://doi.org/https://doi.org/10.1080/01596306.2012.717196>
- Jones, D. C. (2004). Body image among adolescent girls and boys: a longitudinal study. *Developmental psychology*, 40(5), 823-835. <https://doi.org/https://doi.org/10.1037/0012-1649.40.5.823>
- Jones, D. C. (2011). Interpersonal and Familial Influences on the Development of Body Image. I T. F. Cash & L. Smolak (Red.), *Body Image: A Handbook of Science, Practice, and Prevention* (2.

- utg., s. 110-118). Guilford Publications.
- https://ebookcentral.proquest.com/lib/ntnu/detail.action?pq_origsite=primo&docID=690480
- Jones, D. C. & Crawford, J. K. (2005). Adolescent boys and body image: Weight and muscularity concerns as dual pathways to body dissatisfaction. *Journal of Youth and Adolescence*, 34, 629-636. <https://doi.org/https://doi.org/10.1007/s10964-005-8951-3>
- Jones, D. C. & Crawford, J. K. (2006). The peer appearance culture during adolescence: Gender and body mass variations. *Journal of Youth and Adolescence*, 35, 243-255. <https://doi.org/https://doi.org/10.1007/s10964-005-9006-5>
- Jones, D. C., Vigfusdottir, T. H. & Lee, Y. (2004). Body image and the appearance culture among adolescent girls and boys: An examination of friend conversations, peer criticism, appearance magazines, and the internalization of appearance ideals. *Journal of adolescent research*, 19(3), 323-339. <https://doi.org/https://doi.org/10.1177/0743558403258847>
- Joy, P. & Larsson, H. (2019). Unspoken: exploring the constitution of masculinities in Swedish physical education classes through body movements. *Physical education and sport pedagogy*, 24(5), 491-505. <https://doi.org/https://doi.org/10.1080/17408989.2019.1628935>
- Keery, H., Van den Berg, P. & Thompson, J. K. (2004). An evaluation of the Tripartite Influence Model of body dissatisfaction and eating disturbance with adolescent girls. *Body Image*, 1(3), 237-251. <https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.bodyim.2004.03.001>
- Kerner, C., Haerens, L. & Kirk, D. (2018a). Body Dissatisfaction, Perceptions of Competence, and Lesson Content in Physical Education. *J Sch Health*, 88(8), 576-582. <https://doi.org/https://doi.org/10.1111/josh.12644>
- Kerner, C., Haerens, L. & Kirk, D. (2018b). Understanding body image in physical education: Current knowledge and future directions. *European Physical Education Review*, 24(2), 255-265. <https://doi.org/https://doi.org/10.1177/1356336X17692508>
- Kline, R. B. (2011). *Principles and practice of structural equation modeling* (3rd. utg.). Guilford Press.
- Knauss, C., Paxton, S. J. & Alsaker, F. D. (2008). Body dissatisfaction in adolescent boys and girls: Objectified body consciousness, internalization of the media body ideal and perceived pressure from media. *Sex roles*, 59, 633-643. <https://doi.org/10.1007/s11199-008-9474-7>
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Overordnet del - verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg. utg.). Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Kvalem, I. L. (2007). Ungdom og kroppsbilde. I I. L. Kvalem & L. Wichstrom (Red.), *Ung i Norge: psykososiale utfordringer* (s. 33-50). Cappelen Akademisk Forlag.
- Lagestad, P. (2017). Å velge aktiviteter selv som grunnlag for trivsel og mestring. En casestudie av kroppsvigsundervisningen ved en videregående skole. *Acta Didactica Norge*, 11(2), 4-sider. <https://doi.org/https://doi.org/10.5617/adno.2668>
- Leit, R. A., Pope Jr, H. G. & Gray, J. J. (2001). Cultural expectations of muscularity in men: The evolution of Playgirl centerfolds. *International Journal of Eating Disorders*, 29(1), 90-93. [https://doi.org/https://doi.org/10.1002/1098-108X\(200101\)29:1<90::AID-EAT15>3.0.CO;2-F](https://doi.org/https://doi.org/10.1002/1098-108X(200101)29:1<90::AID-EAT15>3.0.CO;2-F)
- Lodewyk, K. R., Gammage, K. L. & Sullivan, P. J. (2009). Relations among body size discrepancy, gender, and indices of motivation and achievement in high school physical education. *Journal of teaching in physical education*, 28(4), 362-377. <https://doi.org/https://doi.org/10.1123/jtpe.28.4.362>

- Lodewyk, K. R. & Sullivan, P. (2016). Associations between anxiety, self-efficacy, and outcomes by gender and body size dissatisfaction during fitness in high school physical education. *Physical education and sport pedagogy*, 21(6), 603-615.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1080/17408989.2015.1095869>
- Loland, N. W. (2000). The aging body: Attitudes toward bodily appearance among physically active and inactive women and men of different ages. *Journal of aging and physical activity*, 8(3), 197-213. <https://doi.org/https://doi.org/10.1123/japa.8.3.197>
- Martinsen, M. (2016). Forebygging av spiseforstyrrelser - en del av kroppsøvingsfaget? I E. Vinje (Red.), *Kroppsøvingsdidaktiske utfordringer*. Cappelen Damm akademisk.
- Mehmetoglu, M., Jakobsen, T. G. & Mehmetoglu, M. (2022). *Applied statistics using stata : a guide for the social sciences* (2nd. utg.). SAGE Publications.
- Meld. St. 28 (2015-2016). *Fag - Fordypning - Forståelse - En fornyelse av Kunnskapsløftet*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-28-20152016/id2483955/>
- Moen, K. M., Westlie, K., Bjørke, L. & Brattli, V. H. (2018). Når ambisjon møter tradisjon: En nasjonal kartleggingsstudie av kroppsøvingsfaget i grunnskolen (5.-10. trinn).
<http://hdl.handle.net/11250/2482450>
- Muijs, D. (2011). *Doing quantitative research in education with SPSS* (2nd. utg.). London: SAGE.
<https://doi.org/10.4135/9781446287989>
- Nardi, P. M. (2018). *Doing survey research : a guide to quantitative methods* (4. utg.). Routledge.
- Nayebi, H. (2020). *Advanced statistics for testing assumed causal relationships*. Springer.
<https://link.springer.com/book/10.1007/978-3-030-54754-7>
- Neumark-Sztainer, D. R., Wall, M. M., Haines, J. I., Story, M. T., Sherwood, N. E. & van den Berg, P. A. (2007). Shared risk and protective factors for overweight and disordered eating in adolescents. *American journal of preventive medicine*, 33(5), 359-369. e353.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.amepre.2007.07.031>
- Nylander, K. S. (2018). *Prosjekt perfekt. Press sin rapport om kroppspress 2018*. Press.
<https://press.no/wp-content/uploads/2018/03/Rapport-digital2.pdf>
- Oehlhof, M. E. W., Musher-Eizenman, D. R., Neufeld, J. M. & Hauser, J. C. (2009). Self-objectification and ideal body shape for men and women. *Body Image*, 6(4), 308-310.
<https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.bodyim.2009.05.002>
- Pike, K. M. & Rodin, J. (1991). Mothers, daughters, and disordered eating. *Journal of abnormal psychology*, 100(2), 198-204. <https://doi.org/https://doi.org/10.1037/0021-843X.100.2.198>
- Ricciardelli, L. A. & McCabe, M. P. (2011). Body Image Development in Adolescent Boys. I T. F. Cash & L. Smolak (Red.), *Body image: a handbook of science, practice, and prevention* (s. 85-92). Guilford Press. <https://ebookcentral.proquest.com/lib/ntnu/reader.action?docID=690480>
- Ricciardelli, L. A., McCabe, M. P., Mavoa, H., Fotu, K., Goundar, R., Schultz, J., Waqa, G. & Swinburn, B. A. (2007). The pursuit of muscularity among adolescent boys in Fiji and Tonga. *Body Image*, 4(4), 361-371. <https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.bodyim.2007.07.001>
- Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold : samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (3. utg. utg.). Fagbokforl.
- Ringdal, K. & Wiborg, Ø. (2017). *Lær deg Stata : innføring i statistisk dataanalyse*. Fagbokforlaget.
- Rodgers, R. & Chabrol, H. (2009). Parental attitudes, body image disturbance and disordered eating amongst adolescents and young adults: A review. *European Eating Disorders Review: The*

Professional Journal of the Eating Disorders Association, 17(2), 137-151.

<https://doi.org/https://doi.org/10.1002/erv.907>

Rodgers, R., Ganchou, C., Franko, D. L. & Chabrol, H. (2012). Drive for muscularity and disordered eating among French adolescent boys: A sociocultural model. *Body Image*, 9(3), 318-323. <https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.bodyim.2012.03.002>

Ruiz-Ariza, A., Moral-García, J. E., De la Torre-Cruz, M. J., Grao-Cruces, A. & Martínez-López, E. J. (2018). Satisfaction of Spanish high school students with physical education : gender, age, physical activity level and body type. *South African journal for research in sport, physical education and recreation*, 40(1), 71-84. <https://journals.co.za/doi/abs/10.10520/EJC-d90977200>

Ryan, S., Todorovich, J. R., Bridges, F. S. & Mokgwathiand, M. M. (2009). Body shape perceptions, attitudes toward physical education, and physical activity levels of middle school students. *International Journal of Fitness*, 5(2).

Schaefer, L. M., Harriger, J. A., Heinberg, L. J., Soderberg, T. & Kevin Thompson, J. (2017). Development and validation of the sociocultural attitudes towards appearance questionnaire-4-revised (SATAQ-4R). *International Journal of Eating Disorders*, 50(2), 104-117. <https://doi.org/https://doi.org/10.1002/eat.22590>

Schilder, P. (2013). *The image and appearance of the human body*. Routledge.

Schubring, A., Bergentoft, H. & Barker, D. (2021). Teaching on body ideals in physical education: a lesson study in Swedish upper secondary school. *Curriculum Studies in Health and Physical Education*, 12(3), 232. <https://doi.org/10.1080/25742981.2020.1869048>

Skog, O.-J. (2004). *Å forklare sosiale fenomener: en regresjonsbasert tilnærming*. Gyldendal Norsk Forlag AS.

Skaalvik, E. M. & Bong, M. (2003). Self-concept and self-efficacy revisited. : a few notable differences and important similarities. I.

Skaalvik, E. M. & Federici, R. A. (2015). Prestasjonspresset i skolen. *Berre skole*, 2015(3), 11-15. <https://www.utdanningsnytt.no/files/2019/06/27/Berre%20Skole%203%202015.pdf>

Skaalvik, E. M. & Skaalvik, S. (2018). *Skolen som læringsarena : selvoppfatning, motivasjon og læring* (3. utg. utg.). Universitetsforl.

Smith, M. A. & St Pierre, P. E. (2009). Secondary students' perceptions of enjoyment in physical education: An American and English perspective. *Physical Educator*, 66(4), 209. <https://www.proquest.com/scholarly-journals/secondary-students-perceptions-enjoyment-physical/docview/232999480/se-2>

Steinberg, L. D. (2008). *Adolescence* (8th. utg.). McGraw-Hill Higher Education.

Sypeck, M. F., Gray, J. J. & Ahrens, A. H. (2004). No longer just a pretty face: Fashion magazines' depictions of ideal female beauty from 1959 to 1999. *International Journal of Eating Disorders*, 36(3), 342-347. <https://doi.org/https://doi.org/10.1002/eat.20039>

